

Jorunn Veiteberg

Eit paradigmeskifte?

Kunstinnkjøp ved norske kunstmuseum som covid-19-tiltak

Eit museum er meir enn ei samling. Å vera eit museum inneber eit samfunnsoppdrag. Difor reknar ein museets fødsel først til slutten av 1700-talet då kongelege samlingar rundt om i Europa blei gjort om til nasjonale museum og opna for publikum.¹ Mykje av det som framleis gjeld for eit museum, blei etablert med desse første institusjonane: Tilgang for ålmenta (i starten berre borgarskapet), nasjonalt oppdrag, vitskapleg tilnærming og didaktisk funksjon. Kunstmusea blei etablerte som ein representasjon av nasjonalstaten, og skulle fortelja om landet, folket og historia slik dette hadde kome til uttrykk i bildekunsten. Lenge blei vestleg kunsthistorie oppfatta som ei utviklingshistorie med særlege nasjonale avtrykk. Kunsten blei delt inn i land og skular for å visa indre utvikling og påverknader. Ein kanon av dei fremste kunstnarane i dei ulike tidsperiodane og innanfor dei ulike retningane og kulturkrinsane blei etablert. Denne kanon fungerte som målestokk for kva som blei rekna som godt og relevant, og som rettesnor for kva museet burde få tak i og visa fram. Nokre land og byar blei definerte som sentra i utviklinga. På 1900-talet var det vestlege storbyar som Paris, Berlin, London og New York som skifta om statusen som kunstmetropolar.

I dag er denne typen historieforteljing blitt kraftig utfordra. Globaliseringa har skapt fleire sentra. Biennalar og kunstmesser finst no på alle kontinent. Kunstverda er blitt meir mangfaldig, og gamle forklaringsmåtar og kategoriar er i oppløysing. Noreg er også blitt eit meir fargerikt land gjennom migrasjon og internasjonalisering av utdanningane, for berre å peika på eit par faktorar. Alt dette stiller nye og store utfordringar til musea. Kven og kva skal ein representera? Korleis gjera seg relevant for eit meir mangfaldig publikum som kjem med ulike kulturelle tradisjonar, kunstnarlege praksisar og sosiale posisjonar?

I museumsmeldinga som kom i 2021, *Musea i samfunnet*, blir det framheva at musea er kunnskapsinstitusjonar og at kunnskap er makt: «Musea har makt til å definera historisk verdi, historisk relevans, samtidig aktualitet og perspektiv på sanning. Museumspolitikk er difor politikk for grunnleggjande samfunnsverdiar, og musea er samstundes med på å forma desse verdiane.»² Dette kan vera nyttige ord å ha i bakhovudet når eg no skal går meir konkret inn på kva norske kunstmuseum har kjøpt vinteren og våren 2020-21.

Bakgrunn

Bakrunnen for denne rapporten er Kulturdepartementet sitt ønske om å få ei oversikt over kva kunst som blei kjøpt inn gjennom ekstraordinære midlar til kunstmusea i 2020-21. Midlane blei gitt som covid-19-tiltak. I oppdraget blei det også bede om ei analyse av korleis desse innkjøpa føyer seg inn i dei enkelte institusjonanes samlingsutvikling. Kunst omfattar i denne samanhengen både bildekunst, kunsthandverk og design.

Min føresetnad for å gjera denne undersøkinga er at eg i 2019 stod bak rapporten *Å samla kunst. Samlingsutvikling ved norske kunstmuseum på 2000-talet*, som også blei til på oppdrag frå KUD. Det er stort sett dei same musea som blei undersøkt den gongen som no. Tre nye er komne til: Kunstmuseet NordTrøndelag, Nordenfjeldske Kunstmuseum og RiddoDuottarMuseat. Ein annan viktig skilnad er at det største museet, Nasjonalmuseet i

¹ Musée du Louvre i Paris (1793), Museo del Prado i Madrid (1819), Altes Museum i Berlin (1830), Eremitasjen i St. Petersburg (1852) og Kunsthistorisches Museum i Wien (1891)).

² Meld. St. 23 (2020–2021) – Musea i samfunnet. Tillit, ting og tid, s. 7.

Oslo, er ikkje med i denne undersøkinga. Grunnen til det er at dei har eit stort innkjøpsbudsjett frå før, og difor ikkje har fått tilført innkjøpsmidlar som Covid-19-tiltak. Dei 16 kunstmusea som denne aktuelle undersøkinga omfattar, er i alfabetisk rekkefølgje:

Drammens Museum for kunst og kulturhistorie, Drammen
Haugar Kunstmuseum, Tønsberg
Haugesund Billedgalleri, Haugesund
Henie Onstad Kunstsenter, Bærum
KODE Kunstmuseer og komponisthjem, Bergen
Kunstmuseet KUBE, Ålesund
Kunstmuseet NordTrøndelag, Namsos
Lillehammer Kunstmuseum, Lillehammer
Nordenfjeldske Kunstmuseum, Trondheim
Nordnorsk Kunstmuseum, Tromsø
Preus museum, Horten
RidduDuottarMuseat / Samisk Kunstmagasin, Karasjok
Sogn og Fjordane Kunstmuseum, Førde
Stavanger Kunstmuseum, Stavanger
Sørlandets Kunstmuseum, Kristiansand
Trondheim Kunstmuseum, Trondheim³

I spesifikasjonen av oppdraget har Kulturdepartementet lista opp ei rekke punkt dei ønskjer at rapporten skal ta for seg, og som kan formulerast som følgjande spørsmål:

- Har musea prioritert midlane i tråd med eigen innsamlingspolitikk?
- Finst det tendensar i innkjøpa på tvers av institusjonane?
- Har musea, kvar for seg og samla sett, bruk tilleggsøyvingane til å fokusera på særlege kunstnarsskap eller profilar?
- Korleis har musea organisert arbeidet med innkjøp?
- Har føringane for midlane spelt saman med museas eigne ønske for samlingsutviklinga?
- Har innkjøpa kome salsleddet, utanom kunstnarane, til gode?
- Har innkjøpa hatt betydning for galleri og kunsthallar?

Materialet eg har hatt som grunnlag for undersøkinga er samla inn av KUD, og består av rapportar frå musea med oversyn over innkjøp. KUD bad musea om følgjande informasjon:

- Namn, nasjonalitet og fødselsår på kunstnar
- Tittel på verk/arbeid og sjanger/medium
- Produksjonsår verk/arbeid
- Tidspunkt for innkjøp
- Innkjøpsstad/kanal

I tillegg uttrykte dei ønske om å få vita korleis midlane fordelte seg på kjønn.⁴

Rapportane frå musea er svært varierande i form og innhald. Nokre er i form av pdf med foto av alle verk, andre ei A4-side med namn på kunstnar og staden verket har blitt kjøpt. Men

³ I pressemeldingane frå regjeringa er det nemnd 15 museum. Det skuldast at Nordenfjeldske Kunstmuseum og Trondheim Kunstmuseum er slått saman til Museene i Sør-Trøndelag. Sidan dei har fordelt midlane mellom seg, har eg handsama dei kvar for seg.

⁴ Brev frå KUD til kunstmusea datert 10. juni 2021 med overskrift «Oversyn over innkjøp av kunst med midlar frå statlege tilleggsøyvingar i 2020 og 2021».

somme har også sendt utførleg utfylte excelark med alle dei ønska opplysningane. I tillegg har eg hatt nytte av musea sine heimesider og pressemeldingar. Dei ekstraordinære midlane har fått ein god del merksemd i media, både lokalt og nasjonalt. Kva musea har lagt vekt på overfor journalistar, har også vore interessant materiale å dukka ned i.

Tilskot til innkjøp av kunst

I perioden mellom oktober 2020 og februar 2021 vedtok Stortinget fleire tilleggsløyvingar til kulturformål for å hjelpe kunst- og kulturlivet gjennom krisa som koronapandemien skapte. Innanfor desse løyvingane vart det i tre rundar øyremerkt tilskot til innkjøp av kunst til ei rekke norske kunstmuseum:

1. I oktober 2020 løyvde Stortinget 17 millionar til 14 kunstmuseum.
2. I byrjinga av desember 2020 auka regjeringa tilskotet til innkjøp med 19 millionar fordelt på 15 museum.
3. I byrjinga av februar 2021 auka regjeringa tilskotet med ytterlegare 15 millionar fordelt på 15 museum.

Til saman blei det i denne perioden løyvd 51 millionar kroner til innkjøp av bildekunst, kunsthandverk og design til norske kunstmuseum. Siktet med desse løyvingane var å stimulera til skapande kunstnarleg aktivitet i alle delar av landet, og difor blei følgjande vilkår knytt til tilleggsløyvingane:

- Midlane skulle nyttast til kjøp av bildekunst, kunsthandverk og design frå samtidia.
- Kjøpa skulle skje frå galleri og visningsstader i Noreg, eller om nødvendig direkte frå kunstnar.
- Innkjøpa skulle knytast til kunstnarar som i hovudsak bur og verkar i Noreg.
- Kunstverka skulle kjøpast så fort det let seg gjera. For dei to første løyvingane blei det presisert at det måtte skje seinast første halvår 2021.

Denne rapporten handlar om korleis desse midlane er blitt brukte. At regjeringa etter desse tre rundane, i tillegg har tildelt musea 19 millionar sommaren 2021 og 20 millionar hausten 2020 til same formål, er ikkje med i denne undersøkinga.

Kunstinnkjøp ved norske kunstmuseum som covid-19-tiltak

Drammens Museum for kunst og kulturhistorie

Museet fekk i alt 3 millionar kroner. I Drammen er innkjøpa gjort av direktøren åleine. Han har kjøpt både kunsthandverk og bildekunst frå 6 kunsthandverkarar og 7 bildekunstnarar, som regel fleire verk frå same person, i alt 31. Kunsthåndverket omfattar både glas, keramikk og tekstil. Kjønnsfordelinga er 10 kvinner og 3 menn. Etablerte namn dominerer med kunsthandverkaren Ulla-Mari Brantenberg (f. 1947) som den eldste og bildekunstnaren Johanne Hestvold (f. 1988) som den yngste. Mest slåande trekk ved innkjøpa er mengda av tekstilkunst frå kunstnarar som Ann-Cathrin November Høibo (f. 1979), Aurora Passero (f. 1984), Elise Storsveen (f. 1969) og Monika Mørck (f. 1984). Dette representerer ei utviding av museets samlingsprofil, og fleire av kunstnarane er under 40 år.

Seks kjøp er gjort direkte frå kunstnarar, sju frå galleri i Oslo: Galleri Format, Haaken, Kunstner forbundet og Standard. Det er ikkje lokal profil på innkjøpa, med unnatak av Tron Meyer (f. 1983). Han bur i Drammen og arbeider i eit kryssingsfelt mellom skulptur, design og arkitektur. Museet har tinga ein utandørs skulptur til parken frå han.

Haugar kunstmuseum

Museet har i alt fått 3 millionar. Innkjøpa har blitt gjort av Styret i Stiftelsen Haugar Vestfold Kunstmuseums samling. Det er denne stiftinga som eig samlinga, men vala er gjort i tett samarbeid med museet. Leiar i styret er kunstkritikar og professor i kunsthistorie, Øivind Storm Bjerke og med seg har han bildekunstnar Lars Ø. Ramberg og tidlegere kulturdirektør i Vestfold fylkeskommune, Tor Skytøen. Dette er den vanlege prosedyren for innkjøp til museet.

Museet har kjøpt inn 28 verk av 16 kunstnarar, 9 kvinner og 7 menn. 6 av kunstnarane har tilknyting til regionen. Mange av kunstnarane er nye i samlinga, medan andre, som for eksempel Vanessa Baird (f. 1963) og Torbjørn Rødland (f. 1970), finst i samlinga frå før. Om profilen på innkjøpa skriv museet i eit oppslag på heimesida:

Innkjøpene er gjort basert på et ønske om å utvide samlingen i nye retninger. Tyngdepunktet i Haugars samling har alltid ligget i maleriet, og nå har vi benyttet anledningen til å kjøpe en rekke kunstverk i andre teknikker, ikke minst tredimensjonale verk og verk som på ulike måter kommunisere med maleriet fra kunsthåndverk og andre materialbaserte tradisjoner. I en tid hvor stadig mer oppmerksomhet vies ulike digitale flater og skjermer i forskjellige størrelser, ser vi at en fornyet forståelse for både de estetiske og meningsskapende mulighetene som ligger i de håndverksbaserte kunsttradisjonene gjør seg gjeldende. Ikke minst gjelder også dette selve det mangfoldet av materialer som har preget menneskets omgang med verden i tusenvis av år.⁵

Døme på denne typen arbeid er metallskulptur av kunsthåndverkaren Pål Vigeland (f. 1944), tekstilkulptur av Hanne Friis (f. 1972), keramikkskulptur av Marte Jonslien (f. 1977) og bildevev av Dorthe Herup (f. 1946). Det vekte merksemd i lokalpressa at museet sikra seg eit bildeteppe, *Rosa labyrinth*, frå 1971. Det blei kjøpt då ein av nestorane i norsk tekstilkunst, Sidsel Bergløff (f. 1940) hadde retrospektiv utstilling på Vestfold Kunstsenter våren 2021. Arbeidet som er vevd av plastmateriale i til dels ein intens rosa farge, er eit svært sentralt verk frå 1970-åra.

Bortsett frå akvarellar av Vanessa Baird, er det ikkje kjøpt maleri i det heile, men fleire fotografier.

5 kjøp er gjort direkte frå kunstnarar, 11 frå galleri. To av desse er lokale: Galleri Galleberg og Vestfold Kunstsenter. Dei fleste galleria er i Oslo: OSL Contemporary, Galleri Riis og Standard. Det er også verd å merka seg at to innkjøp er gjort frå utanlandske galleri. Maria Wettergren i Paris representerer kunstnaren Hanne Friis, og Galerie Neu i Berlin har Yngve Holen (f. 1982) i stall. Holen er ein norsk-tysk kunstnar som i 2019 fekk mykje merksemd gjennom si til då største separatutstilling i Noreg på Kunstnernes Hus (seinare vist også i Kunsthall Stavanger). Skulpturen museet har kjøpt av han er deira dyraste einskildverk.

Haugesund Billedgalleri

Museet har i alt fått 3 millionar til kjøp av kunst. Inntakskomiteen for visuell kunst ved museet har bestemt kva som skulle kjøpast. Komiteen består av tre tilsette: avdelingsleiaren for forvaltning, formidlaren visuell kunst og gallerileiaren ved Haugesund Billedgalleri. Eit sentralt kriterium som blei lagt til grunn var breidde. Museet har kjøpt inn arbeid av kunstnarar og frå visningsstader «frå heile landet, frå nord til sør, aust til vest».⁶ I alt vart det

⁵ «Nyervervelser på Haugar». <https://vestfoldmuseene.no/kalender/nyervervelser-pa-haugar-kunstmuseum/>. Sist lese 18. november 2021.

⁶ Brev frå Haugalandmuseet, avdeling Haugesund billedgalleri, til KUD, datert Haugesund 30. juni 2021.

kjøpt inn 99 kunstverk av 22 kunstnarar: 11 kvinner (for ca. 1,7 millionar) og 11 menn (for ca. 1,3 millionar). Det er som regel kjøpt inn fleire verk frå kvar kunstnar.

Fleire av dei innkjøpte kunstnarane har tilknyting til Vestlandet, som Kristin Austreid (f. 1985), Kristen Rønnevik (f. 1977), Sigmund Skard (f. 1952), Morten Jensen Vågen (f. 1987), m.fl. Denne prioriteringa er i tråd med museet sin overordna innkjøpsstrategi for tidsperioden 2020-2025. Eit anna definert satsingsområde er høgtrykk (tresnitt, trestikk og linoleumssnitt), som også er representert i innkjøpa gjennom verk av Per Inge Bjørlo (f. 1952), Julie Ebbing (f. 1985), Beatrice Guttormsen (f. 1973), Annette Kierulf (f. 1964), Caroline Kierulf (f. 1968) og Mattias Härenstam (f. 1971).

I tillegg har museet lagt vekt på å kjøpa inn verk som reflekterer samtida. Museet har nytta høvet til å skaffa seg verk innanfor medium og materiale dei ikkje har så mykje av frå før, som installasjon, video, performans og tekstilobjekt (Hanne Friis).

Mellom dei 22 innkjøpte kunstnarane er fleire med innvandrarbakgrunn: Herman Mbamba (f. 1980, Namibia/Haugesund), Axel Rios (f. 1981, Chile/Tysvær) og David A. Rios (f. 1983, Colombia/Bergen). Grafikk av den samiske kunstnaren Ragna Misvær Grønstad (f. 1984) er også blitt innkjøpt, mellom anna 4 tresnitt frå serien *Saltvannsblomst*.

I ei pressemelding i samband med at museet laga ei sommarutstilling basert på dei nye tilskota til samlinga, skriv dei:

Vi er av den oppfatning at en likelig fordeling av innkjøp av både mannlige og kvinnelige kunstnere, kunstnere med ikke-europeisk opphav og minoritetsbakgrunn viser et tidsmessig riktig bilde av samfunnet vi er en del av.⁷

Langt dei fleste verka er kjøpt direkte frå kunstnar, 13 er kjøpt frå Haugesund Kunstforening, eit frå QB Gallery i Oslo, eit par frå Droppsfabrikken i Trondheim og 8 tresnitt av Beatrice Guttormsen blei kjøpt på Trafo Kunsthall i Asker.

Henie Onstad Kunstsenter

Kunstsenteret har i alt fått 3 millionar til kjøp av kunst. Mykje av samlingsutviklinga har i seinare år blitt til i eit samarbeid med Sparebankstiftelsen DNB, og deira satsing på den historiske avantgarden. Med dei ekstraordinære midlane har kunstsenteret sine kuratorar foreslått kunstnarar og kunstverk utifrå spesialområda dei har ansvar for. Deretter har avgjerda om innkjøp blitt tatt av sjefskurator, eventuelt i samarbeid med direktør.

Midlane er brukte til kjøp av 25 verk av i alt 20 kunstnarar, 12 kvinner og 8 menn (15 verk er laga av kvinner og 10 av menn). Fem verk kosta meir enn 200.000 kr. Til dei dyraste hører tekstilinstallasjonar av Ann-Cathrin November Høibo (f. 1979) og Inghild Karlsen (f. 1952). Kunstsenteret har også kjøpt 3 performances av Marianne Heier (f. 1969) og Marte Ramm Fortun (f. 1978) og 8 verk i kategoriane foto og videokunst, mellom andre av Lene Berg (f. 1965) og Torbjørn Rødland (f. 1970). Dette er i tråd med samlingsprofilen som sidan 2017 har prioritert foto og nye medium. Kunstsenteret har i tillegg utvida samlinga med verk som speglar eit meir mangfaldig kunstliv. Dei har kjøpt ein skulptur frå den samiske kunstnaren Joar Nango (f. 1979), og verk av Noregsbaserte kunstnarar med fleirkulturell bakgrunn som Pedro Gómez-Egana (f. 1976) frå Colombia, Germain Ngoma (f. 1953) frå Zambia (mottakar av Sparebankstiftelsen DNBs kunststipend 2019), Herman Mbamba (f. 1980) frå Namibia og Sandra Mujinga (f. 1989) som er født i Kongo. Mujinga er elles oppvachsen i Oslo, Kenya og på Nesodden og blei utdanna frå Kunstakademiet i Malmö i 2015. Ho blir i dag rekna som eit av dei viktigaste namna mellom unge kunstnarar i Noreg, og kan visa til ei sterk karriere allereie. Ho har mottatt fleire priser, mellom anna Preis der

⁷ <https://haugalandmuseet.no/arrangement/krafttak-for-kunsten-utstilling/>. Sist lese 6. desember 2021.

Nationalgalerie i Berlin. Det er ein prestisjefull pris internasjonalt som inneber separatutstilling på Hamburger Bahnhof – Museet for samtidskunst i Berlin i 2022. Mujingas kunst er karakteristisk for ei postdigital tid. Ho tar i bruk alle slags medium og materialar frå musikk, tekstil, installasjon, video og til klesdesign og performans. Ein slik tverrfagleg kunstnarisk praksis kan seiast å vera i tråd med den historiske profilen til Henie Onstad.

Mujinga bur både i Oslo og Berlin, og ho er representert av utanlandske galleristar. Det forklarar kvifor kjøpet har skjedd gjennom galleriet The Approach i London. Ein installasjon av Pedro Gómez-Egana er kjøpt hos Zilberman Gallery i Istanbul. I Noreg er det blitt handla hos Galleri Brandstrup, VI, VII og Galleri Riis. Bort imot halvparten av kunstverka er kjøpt direkte frå kunstnarane.

KODE Kunstmuseer og komponisthjem

Museet har i alt fått 5 millionar til kjøp av kunst. Museet har ein intern innkjøpskomité som drøftar aktuelle forslag til innkjøp, men direktøren har også eit visst spelrom. Av dei 24 kunstnarane som er blitt innkjøpte er 19 kvinner og 5 menn. Museet har brukt 4,1 millionar på kunst av kvinner og 1,1 millionar på kunst av menn. Som Aftenposten slo fast hausten 2020: ”På bare én måned har museet handlet kunst for 2 millioner kroner. Over 80 prosent er fra kvinnelige kunstnere.”⁸ I alt har museet kjøpt 131 verk, inkludert «ein pakke» med 84 rettsteikningar av Esther Maria Bjørneboe (f. 1971) frå rettssaka mot Anders Behring Breivik. Reknar ein desse rettsteikningane som eit verk, sit vi att med 47 verk. Saman med arbeid av Siri Aurdal (f. 1937), Jeanette Christensen (f. 1958) og Marius Engh f. 1974) representerer teikningane til Bjørneboe den dyre enden av innkjøpa (300-525.000 kroner). Ingen av desse kunstnarane kan seiast å ha lokal tilknyting (sjølv om Jeanette Christensen har utdanninga si frå Vestlandets Kunstakademi).

På innkjøpslista er det likevel kunstnarar som er aktive i Bergensområdet som dominerer, og dei to største innkjøpa er gjort frå kunstnarar busette i Bergen: Arvid Pettersen (f. 1943) og Toril Johannessen (f. 1978). Den lokale dominansen er i tråd med programerklæringa Petter Snare kom med då han blei tilsett som direktør på KODE i 2017: «Et regionalt museum har et særlig ansvar for å representer, fange opp, dokumentere, og være med på å utvikle kunsten som skapes regionalt.»⁹ Det kan noterast at museet har kjøpt inn fleire kunstnarar som inngår i deira eige utstillingsprogram som Arvid Pettersen, Annette Kierulf (f. 1964) og Caroline Kierulf (f. 1968).

Med innkjøpa har museet ønska å retta opp på det dei oppfattar som manglar i samlinga: ”Vi har gått kritisk til verks for å identifisere mangler og skjevrepresentasjon i samlingene,” seier Petter Snare.¹⁰ Manglane ser ut til å ha handla om kunstnarar busette i Bergen som ikkje tidlegare har vore innkjøpte, eller som er representerete med få verk. Mange av dei innkjøpte Bergenskunstnarane er nemleg i 50- og 60-årsalderen. Dei 3 yngste kunstnarane på lista er også busette i Bergen: Azar Alsharif (f. 1984), Magnhild Øen Nordahl (f. 1984) og Cato Løland (f. 1982). Berre 3 av 24 innkjøpte kunstnarar er såleis under 40 år, så den totale profilen må seiast å vera godt etablerte namn. Alsharif er opphavleg frå Iran, og er ved sida av den samisk-svenske kunstnaren Britta Marakatt-Labba (f. 1951) den einaste med fleirkulturell bakgrunn.

⁸ «Kvinner dominerer når Kode storhandler kunst». *Aftenposten* 18. november 2020.

<https://www.aftenposten.no/kultur/i/1BoWeX/kvinner-dominerer-naar-kode-storhandler-kunst>. Sist lese 18. desember 2021.

⁹ Simen Joachim Helsvig: «Ambassadøren». *Kunstkritikk* 15. august 2017.

¹⁰ Pressemelding, datert 2. september 2021. <https://www.mynewsdesk.com/no/kode-kunstmuseer-og-komponisthjem/pressreleases/grotesk-verdenspremiere-og-publikumsfavoritter-vender-tilbake-3124859>. Sist lese 18. desember 2021.

Heile 10 verk kan karakteriserast som tekstilkunst, til dømes av Elise Storsveen (f. 1969). To av tekstilkunstnarane er kunsthåndverkarar: Ellen Grieg (f. 1948) og Marianne Moe (f. 1975). Av annan kunsthåndverk har museet kjøpt keramikk av Heidi Bjørgan (f. 1970) og smykke av Reinhold Ziegler (f. 1965).

I ei pressemelding skriv museet:

For KODE har pandemiens ekstrabevilgninger gitt en firedobling av innkjøpsbudsjettet, og for første gang en mulighet til å gjøre brede innkjøp fra samtidskunstscenen. Verkene er først og fremst innkjøpt fra lokale visningssteder og kunstnere tilknyttet Vestlandet.¹¹

Her har museet dekning for orda sine. I Bergen har dei handla på galleri og kunsthallar som Entrée, Kunsthall 3,14, Kunstgarasjen, KRAFT, TagTeam, Galleri Langegaard og Knipsu. I Oslo hjå Galleri Riis, MELK, OSL Contemporary, Galleri Format og Kruthuset og i Trondheim på Trøndelag senter for samtidskunst. Frå 7 kunstnarar har dei kjøpt arbeid direkte.

Kunstmuseet KUBE

Museet har fått 3 millionar til kjøp av kunst. Museet sin faste innkjøpskomité, som består av direktøren for kunstavdelinga saman med to kuratorar tilsette i avdelinga, har stått for innkjøpa. I alt har Kube kjøpt 40 verk av 25 kunstnarar, 14 kvinner og 11 menn, og då består fleire av verka av seriar. Under overskrifta «Dyrebare tilskudd til vår samling» skriv museet i eit notat at innkjøpa er «basert på kriterier gitt i vår samlingsplan, sett opp mot hull i samlingen». I valet av verk har dei arbeidd etter to parallelle linjer. Langs den eine har dei søkt etter å kjøpa inn verk av kunstnarar med ei sterkt tilknyting til regionen og som representerer ulike fagtradisjonar og generasjonar, og som gjennom det tilfører samlinga større breidde. Langs den andre linja har dei valt å kjøpa inn verk av meir etablerte namn som også har ein internasjonal aktivitet.

Til den første gruppa hører verk som i tid spenner frå 1990-talet til i dag. Eit døme er ein bildevev av Sidsel Colbjørnsen (f. 1942) frå 2008 og eit maleri av Vibeke Slyngstad (f. 1968) frå 2017. Slyngstad er busett i Oslo, men vaks opp i Ålesund. Det er også eit stort spenn i alder mellom kunstnarane. Den eldste, Lars Christian Istad, som lagar tresnitt, er født i 1934, medan den yngste, Lissette Escobar, er født i 1982. Escobar er frå Peru og er utdanna i keramikk frå Kunsthøgskolen i Oslo, og no busett i Ålesund.

Mellom innkjøpa er keramikk, tekstilkunst og smykke frå 6 kunsthåndverkarar med Siri Skjerve (f. 1979) som den yngste representanten. Ein annan kunsthåndverkar verd å nemna er Reinhold Ziegler (f. 1965) frå Kristiansund som museet har kjøpt to smykke av. Seinhaustes 2020 var han aktuell med utstillinga *Transgression* på Trøndelag senter for samtidskunst, der han viste smykkeobjekt med meteorittar, fossil og reiskapar frå steinalderen.

Lista med innkjøpte kunstnarar inneheld i stor grad kunstnarar som er representerte i samlinga frå før, som Per Inge Bjørlo (f. 1952), Marianne Heske (f. 1946) og Gjertrud Hals (f. 1948), alle med røter i regionen. Største sum brukt på ein og same kunstnar er 600.000. Dei nest dyraste verka til 250.000 kroner blei også kjøpte direkte frå kunstnarane.

Nytt namn i samlinga er Joar Nango (f. 1979) med eit videoverk. Nango var Festspelkunstnar i Bergen i 2020, og han representerer både eit samisk innslag og eit internasjonalt namn.

¹¹ Ibid.

Halvparten av kunstverka er kjøpte direkte frå kunstnar, resten frå regionale visningsstadar som Studio Hugo Opdal, KHÅK Kunsthall, Simart og Møre og Romsdal Kunstsenter. Det er også gjort innkjøp på Trøndelag senter for samtidskunst i Trondheim og Galleri Format i Oslo.

Kunstmuseet NordTrøndelag

Kunstmuseet NordTrøndelag i Namsos blei etablert i 2013 då Fylkesgalleriet blei omgjort til museum. Samlinga er på rundt 2000 verk frå det siste hundreåret. Å få 3 millionar til kjøp av kunst innanfor eit år, representerte difor ei stort løft og styrking av samlinga. Museet har eit fagleg råd som står for innkjøp. I tillegg til leiaren ved museet består rådet av ein bildekunstnar og ein kunsthandverkar utnemnd av kunstnarorganisasjonane Trøndelag Bildende Kunstnere og Norske Kunsthåndverkere Midt Norge.

I alt har museet kjøpt 49 verk av 35 kunstnarar: 23 kvinner og 12 menn. Mange verk har kosta under 50.000 kroner. Museet sitt største kjøp, 5 verk til ein samla pris av nærmare 400.000 kroner, blei gjort frå deira eiga utstilling *Retrospektiv* med grafikaren Julie Ebbing (f. 1985) sommaren 2021. Ho er frå Namsos og bur i dag i Trondheim. Sidan ho var ferdig på Kunsthøgskolen i Oslo i 2016, har ho fått fleire priser for dei ekspressive og politiske tre- og linosnitta sine. *Retrospektiv* fekk også Subjektpisen som «Årets utstilling» i 2021. Julie Ebbing er i tillegg medlem av gruppa Hannah Ryggen Army som museet har tinga eit større verk frå.

Museet har tinga verk frå fleire kunstnarar, men for det meste kjøpt ferdigprodusert kunsthandverk og bildekunst. Den dominerande profilen er at kunsten er laga av kunstnarar som enten er busette i Trøndelag eller kjem frå regionen. Dette er ein del av mandatet for museet.

Dei eldste kunstnarane museet har kjøpt arbeid av er Magne Rygh (maleri) og Kamme Greiff (bildevev) som begge er fødde i 1947. Elles har museet kjøpt mest frå kunstnarar i 30-årsalderen. Til desse hører Hasan Daraghmeh (f. 1983) frå Palestina, og som no bur i Trondheim. Ein annan innvandrar er den japanske keramikaren Keisuke Ueno (f. 1958) som museet har kjøpt eit fat av. Museet har kjøpt tre verk av den sør-samiske kunstnaren Sissel Mutale Bergh (f. 1974).

38 verk er kjøpt direkte frå kunstnar. Det er ein svært høg del, men mange av kunstnarane i denne regionen er ikkje i stall hos galleri. Mellomledda det er handla hos Kulturformidlingsbyrået Dora 3 og Droppsfabrikken, som begge held til i Trondheim, og tre galleri i Oslo: OSL Contemporary, Galleri Brandstrup og Galleri Golsa. Det er også verd å merka seg at eit av dei dyraste einskildverka, eit bilde av Anne-Karin Furunes (f. 1961) til rundt 275.000 er kjøpt hos Ryan Lee Gallery i New York.

Lillehammer Kunstmuseum

Museet har fått 3 millionar til kjøp av kunst. Ansvarleg for kjøp er ein intern komité som består av direktøren for museet, Nils Ohlsen, og dei to konservatorane Janeke Meyer Utne og Cecilie Skeide, samt direktøren for Lillehammer Museum (som kunstmuseet er ein del av), Audun Eckhoff. Museet har kjøpt 26 verk av 10 kunstnarar, 5 kvinner og 5 menn. Det er brukt litt over 9000 kroner meir på verk av kvinner enn av menn. I museet sin tidlegare strategi stod det: ”Ved innkjøp skal det tas hensyn til at kvinnelige kunstnere er underrepresenterte i samlingen”.¹² Fifty-fifty-fordelinga i dei nye innkjøpa endrar ikkje på denne situasjonen.

Av dei ti kunstnarane er 7 fødde før 1962, og det er tale om godt etablerte namn som Per Barclay (f. 1955), Hilmar Fredriksen (f. 1953), Mette Tronvoll (f. 1955) og Sverre Wyller

¹² Sitert etter Jorunn Veiteberg, *Å samla kunst*, Oslo: Kulturrådet 2019, s. 73.

(f. 1953). Ingen av dei innkjøpte kunstnarane er under 40 år. Yngste kunstnar er dansk-norske Maria Buskov (f. 1980), som museet har kjøpt 10 verk av for til saman rundt 600.000 kroner. Dette er det største kjøpet frå ein og same kunstnar, men fleire andre verk er i prisklassen 350.000 til 570.000.

Interessa for Buskov heng saman med at ho vaks opp på Lillehammer. I eit oppslag i avis *Klassekampen* fortel Ohlsen at museet har nytta midlane til å starta eit nytt kapittel i museets samlingshistorie kalla «Innlandets beste»: «Som Innlandets eneste kunstmuseum vil vi blant annet fortsette å fortelle om kunstutviklingen i regionen, noe vi har gjort i nesten hundre år», framheva han. Kjøpet av installasjonen *Fuel Sculpture #02* av Matias Faldbakken (f. 1973), er i tråd med denne strategien. Han vaks opp i nærleiken av Hamar, og har frå slutten av 1990-talet hatt ein sentral posisjon innanfor nykonseptualismen i norsk kunst. *Fuel Sculpture* som består av ei mengd bensinkanner, plastkanner, plasttrakter og avstøypingar i betong av dei same kannene, i alt 48 modular, er det dyraste verket museet har kjøpt. Det som ligg i «innlandets beste» er at det er tale om store og viktige verk, og dei er, som i dette tilfellet, ofte kostbare.

Kari Mølstad (f. 1977) som arbeider med glas, er busett på Lillehammer, og ho er den einaste kunsthandverkaren som er kjøpt inn. Til liks med verket av Faldbakken, er dette eit kjøp i tråd med museets strategi for dei ekstraordinære midlane. Denne strategien handlar dels om supplering og dels om styrking av eiga samling:

I tillegg ville museet supplere samlingen, for eksempel med konseptuell kunst. Det var også viktig å styrke samlingen der den allerede er sterkt. Det vil si satsningsområder som understrekker museets særegne profil, som kunsthåndverk og fotografi.¹³

Sett under eitt ser det likevel ikkje ut til at tilknyting til regionen er eit avgjerande kriterium for å bli innkjøpt. Tidlegare var maleri eit definert satsingsområde for museet, men med unnatak av 4 maleri av Gerd Tinglum (f. 1951) er det andre medium og teknikkar som dominerer innkjøpa. Museet har sikra seg eit sentralt tekstilkunstverk gjennom kjøpet av Kari Steihaug (f. 1962) sin installasjon *Arvegods* frå 2007.

9 arbeid er kjøpt direkte frå kunstnar, resten frå galleri i Oslo: OSL Contemporary, Standard, Kunstnerforbundet, Galleri Riis og QB Gallery.

Nordenfjeldske Kunstmuseum

Museet har fått 2,5 millionar til kjøp av kunst. Direktøren og dei tre konservatorane på museet utgjer innkjøpskomiteen, og alle fire førebur forslag til innkjøpsmøta. Vanlegvis mottar museet nye verk gjennom Innkjøpsfondet for norsk kunsthåndverk, men samlingsområdet til museet omfattar i tillegg til kunsthåndverk også design. I mange år har museet hatt eit særleg fokus på tekstil og mote. Dei ekstraordinære midlane er brukt på arbeid som er viktige for museets samlingsprofil, men som ikkje er så sentrale i Innkjøpsfondet. Mote og design er såleis godt representert. I alt har museet kjøpt 39 verk av 21 kvinner, 14 menn og 6 designbyrå.

Det dyraste kjøpet er ein tekstilinstallasjon av Marthe Minde (f. 1984) til 300.000. Minde var ferdig utdanna i 2018, og det viser at museet følgjer med på dei nyutdanna kunstnarane. På museet si liste over innkjøp går det fram at 4 av kunstnarane/designarane er født på 1990-talet, med møbeldesignaren Vilde Hagelund (f. 1994) som den yngste.

¹³ <https://lillehamerkunstmuseum.no/om-kunstmuseet/presse/nyhetsrom#/pressreleases/lillehammer-kunstmuseum-viser-sine-nyeste-kunstverk-3125512>. Sist lese 21. desember 2021.

Nokre av kunstnarane har lokal tilknyting, men dette ser ikkje ut til å vera eit avgjerande kriterium. Mellom designarane er det fleire med tilknyting til Vestlandet og Bergen.

Det er kjøpt verk av fleire bildekunstnarar som Anne-Karin Furunes (f. 1961), Bjørn Båsen (f. 1981) og Julie Ebbing (f. 1985), men desse har alle relevans til museet sitt samlingsområde eller historie. Furunes skapar portrett gjennom å perforera lerret, og det portrettet museet har kjøpt er av bildevevaren Augusta Christensen. Ho var den første styraren av vevskulen ved Nordenfjeldske Kunsthindstrimuseum på slutten av 1800-talet. Verket inneheld såleis både ei kvinne- og ei tekstilhistorie.

Innkjøpa viser eit klart mål om større mangfold. Det er tinga verk av fleire kunstnarar med urfolk- eller fleirkulturell bakgrunn: Ahmed Umar (f. 1988), Frida Orupabo (f. 1986) og samiske Britta Marakatt-Labba (f. 1951). I tillegg er det kjøpt verk av den Tromsø-baserte kunsthandverkaren Marsil Andjelov Al-Mahamid (f. 1983) og den samiske tekstilkunstnaren, kles- og motedesignaren Ramona Irene Salo Myrseth (f. 1992).

Langt dei fleste arbeida er kjøpt direkte frå kunstnarar eller produsent (designobjekt). Berre to kjøp er gjort frå mellomledd i Trondheim, Rom til Rom og Dropsfabrikken, elles frå Galleri LNM i Oslo og e15 i Tyskland. Tingingsverket av Orupabo er ordna gjennom Galerie Nordenhake i Stockholm, som ho er i stall hos. Med ein prislapp på kroner 278.000 er dette tingingsverket museet si nest dyraste investering.

Nordnorsk Kunstmuseum

Museet har mottatt 5 millionar kroner, og innan sommaren 2021 hadde dei brukt rundt 4 millionar på 52 verk frå 39 kunstnarar, 24 kvinner og 15 menn. Trass i den store overvekta av kvinner, er det brukt 500.000 kroner meir på kunst av menn enn på kunst av kvinner.

Innkjøpa er gjort av eit innkjøpsråd. Med i det er kunsthistorikar og kurator Charis Gullickson frå museet, førsteamanuensis i kunsthistorie Hanne Hammer Stien frå Universitetet i Tromsø og dagleg leiar Svein Ingvoll Pedersen ved Nordnorsk Kunstnersenter i Svolvær. Viktigaste prioritert har vore kunstnarar frå Nord-Noreg og Sápmi: «Dette er et område som Nordnorsk Kunstmuseum har spesielt ansvar for, og som ikke ivaretas av andre museer i Norge,» framhevar rådet i eit oppslag på nettet, og legg til:

Tematisk har vi veklagt natur, økologi og landskap. Dette gjenspeiler tema som er aktuelle i samtidskunstfeltet i dag, spesielt i nord. Vi har vært opptatt av at innkjøpene skal reflektere kunstfeltets mangfold og komplettere museets eksisterende samling, både når det gjelder ulike generasjoner, identiteter og kunstneriske uttrykksformer.¹⁴

Den eldste kunstnaren er samisk-svenske Folke Fjällström (f. 1940) og den yngste Åsne Kummeneje Mellem (f. 1995). Mellem avslutta utdanninga si på Kunstakademiet i Tromsø så seint som i 2019. Det sentrale i hennar kunst er å styrka kvensk identitet og løfta fram kvensk kultur. Det kombinerer ho gjennom å ta opp plantefarging og ulike tradisjonelle kvenske handverksteknikkar, käsityö, i ei utforsking av kva kvensk handverk er, har vore og kan bli innanfor den konteksten som samtidskunsten er.

Av kunstnarar med fleirkulturell bakgrunn kan nemnast fire med base i Tromsø: Marsil Andjelov Al-Mahamid (f. 1983) frå Serbia som er innkjøpt med broderi, Wendimagan Belete (f. 1986) frå Etiopia med installasjon, Jet Pascua (f. 1959) frå Filipinane med skulptur og objekt og Sayed Sattan Hasan (f. 1979) frå Storbritannia med foto og kjelke-objekt. Hasan er halvt pakistanar, ein kvart engelsk, ein kvart ukjent og no busett i Noreg, og under namnet

¹⁴ Oppslag på museets heimeside, datert 26. mai 2021. <https://www.nnkm.no/en/node/1398>. Sist lese 19. desember 2021.

Hasansen utforskar han dei kulturane og stadane som har forma han. Inspirert av polarhelten Fritjof Nansen, som sette ski på ein kjelke for å koma fortare fram, har Hasan blanda handverkstradisjonar og kultursymbol frå Pakistan og Noreg. Resultatet er ein særeigen hybridkjelke, ei blanding av ein pakistansk *charapai* (dagseng) og ein norsk skikjelke. Ein slik finst no i samlinga til museet.

For det meste har museet kjøpt verk som er laga dei siste to åra. Nokre eldre verk frå 1980- og 1990-talet er også blitt innkjøpt for å supplera samlinga og dekka ei større breidd i sentrale kunstnarskap. Eit døme er skulpturen *Gråtekoner* av Inghild Karlsen (f. 1952) frå 1988-89. Det som først og fremst pregar innkjøpa er mengda av samisk kunst. Som museet skriv i eit oppslag på nettet i samband med ei utstilling av ein del av nyinnkjøpa, representerer dette det største innkjøpet av samisk kunst siden museet opna.¹⁵ I alt er rundt 15 samiske kunstnarar blitt innkjøpte med duodji, kunsthandverk og bildekunst i mange ulike teknikkar og medium. Flest verk, 6, er kjøpt frå Geir Tore Holm (f. 1966), og dei spenner over video, skultur, installasjon, lydverk og objekt frå 1996 til 2014. Holm mottok John Savio-prisen i 2015. Det er ein pris som blir forvalta av museet, og det har tidlegare vore eit ønske frå museet si side å sikra seg verk i samlinga frå prisvinnarane. Med ingen eller få midlar i budsjettet til innkjøp, har dette ikkje alltid late seg gjera. Andre samiske kunstnarar som går att også i innkjøpa ved andre museum, er Sissel M. Bergh (f. 1964), Britta Marakatt-Labba (f. 1951), Ragna Misvær Grønstad (f. 1984), Joar Nango (f. 1979) og Synnøve Persen (f. 1950). Dei innkjøpte samiske kunstnararane er frå store delar av Sápmi, og museet har ikkje avgrensa seg til innkjøp av samiske kunstnarar med norsk statsborgarskap eller bustad i Noreg.

Dei fleste kjøpa er gjort direkte frå kunstnarane, men to verk er kjøpt hos Tromsø Kunstforening, eit frå Samisk senter for samtidskunst i Karasjok, eit frå Galleri Golsa i Oslo og eit frå Galleri Format i Oslo.

Preus museum

Museet har fått 3 millionar til kjøp av kunst. Preus er eit museum for fotografi, og fotografi omfattar i denne samanhengen både kunstfotografi og andre typar foto som, til dømes, reklame-, presse- og motefotografi. Ein del av innkjøpa omfattar nettopp desse andre sjangrane, men hovudtyngda av innkjøpa er kamerabasert kunst og verk som demonstrerer ein konseptuell bruk av fotomediet. Preus er eit nasjonalt museum, og har ikkje regionalt ansvar som ein del av strategien sin.

Innkjøpskomiteen ved museet er sett saman av direktør, kuratorar, formidlingsansvarleg og samlingsansvarleg. I arbeidet med innkjøpa bad museet også om råd frå ressurspersonar frå ulike delar av landet, både for å få betre geografisk mangfold og ekstern kompetanse. Ressurspersonane fekk tilsendt oversyn over kva som finns frå før i Preus museums bildesamling, og kvar av dei nominerte eit utval på tre kunstnarar og verk/seriar av verk av desse.

Museet har kjøpt inn nærare 200 verk av 27 kunstnarar (2 av desse er kunstnardoar). Kjønnsfordelinga er 18 kvinner og 9 menn. Summen av midlar brukt på kvinnelege fotografar er over 2 millionar, medan det er brukt nesten 700.000 på kunst av menn. Museet har i tillegg sett av ein del midlar til transport og nødvendig innramming av verk. I ein ingress på heimesida blir det framheva: «Museet vil primært bruke disse ekstraordinære midlene til å styrke sin samling med kvinnelige fotografer og kunstnere.»¹⁶ Om bakgrunnen for dette valet, skriv dei vidare: «Når det gjelder innkjøp av kvinnelig kunstnere og fotografer, er dette på bakgrunn av en telling man gjorde for noen år siden, som viste at antallet lå på 12,7 prosent.

¹⁵ Ibid.

¹⁶ <https://www.preusmuseum.no/nor/Oppdag-samlingene/Fotografer/Nye-innkjoep-til-samlingen>. Sist lese 6. desember 2021.

Det er et pågående arbeid å styrke kvinneandelen i fotomuseets samling.»¹⁷ Eit døme på eit slikt innkjøp er kunstnarduoen Karoline Hjorth (f. 1980) og Riitta Ikonen (f. 1989). Museet har kjøpt fem foto frå serien *Eyes as Big as Plates* der duoen har iscenesett eldre menneske iført kostymar av materialar som greiner, strå og mose som gjer at dei går i eitt med naturen. Det er ei iscenesetting som bryt heilt med korleis eldre menneske vanlegvis pleier å bli skildra.

Det er mange etablerte namn på Preus si liste over innkjøpte kunstnarar, noko som er forståeleg ut ifrå at dei i mange år har hatt ingen eller små midlar til nettopp innkjøp. Ein del kunstnarane er rundt 40 år, dvs dei er fødde mellom 1980 og 1985, men svært mange er fødde på 1960- og 1970-talet. Eldst er Mimsy Møller (f. 1955), og yngst er norsk-nigerianske Frida Orupabo (f. 1986).

Museet har følgd opp med innkjøp av fleire kunstnarar som dei har i samlinga frå før, og gjerne seriar heller enn einskildverk. Eit døme er 10 foto frå Vibeke Tandberg (f. 1967) med tittelen *Ettermæle* (1994/2021). Denne serien var avgangsprosjektet hennar på Kunsthøgskolen i Bergen i si tid, og museet har lenge ønska seg dette verket. *Ettermæle* er også det dyraste innkjøpet deira frå ein einskild kunstnar. Store innkjøp representerer også 15 foto frå seriane *Technical Departement* (2019) og *Colour Corrections* (2013) av Vilde Salhus-Rød (f. 1981), og 23 foto av Espen Rasmussen (f. 1976), mellom anna serien *Transit*. Frå norsk-iranske Azar Alsharif (f. 1984) har Preus kjøpt ein serie på 14 verk. Ho og Frida Orupabo er dei einaste med ikkje-europeisk bakgrunn. Gjert Rognli (f. 1966) representerer det samiske innslaget.

Museet har handla direkte med 18 av kunstnarane. Resten er blitt kjøpt på Galleri Entrée i Bergen, Galleri Riis, OSL Contemporary og Shoot Gallery i Oslo, og som tilfellet var med Nordenfjeldske Kunstmuseum, er fotokollasjane til Orupabo blitt kjøpt frå Galerie Nordenhake i Stockholm.

RiddoDuottarMuseat / Sámi Dáiddamagasiidna/Samisk Kunstmagasin

Samisk kunstmagasin¹⁸ er ein del av RiddoDuottarMuseat og består av ei samling på over 1400 verk med samisk bildekunst og kunsthåndverk frå samtid. Samlinga held til huse i eit magasin i Karasjok, men manglar eit museum. Innkjøp til samlinga blir gjort av Sametingets innkjøpskomité for samtidskunst og kunsthåndverk. Medlemmene i komiteen blir utnemnde av Sámi Dáiddačehpiid Searvi/Samiske kunstnerforbund for to år i gongen. Sidan 1. juli 2018 har komiteen bestått av kunstnarane Eva Aira og Geir Tore Holm (begge blei attvalde i 2020 for to nye år), og med Britta Marakatt-Labba og Marja Helander som varamedlem sidan 1. juli 2020.

Om tenkinga som ligg til grunn for innkjøpa, skriv Holm:

Innkjøpene skal både fange opp yngre kunstnere, kunsthistoriske viktige verker og supplere samlinga ved å bevare og vise etablerte kunstnerskap og interessante perioder for ettertida. Tidligere innkjøp er tatt i betraktning og helhetsvurderinger blir kontinuerlig gjort for at kunstsamlinga sakte men sikkert skal bli rikholdig og representativ som skattekiste og kraftkilde for det samiske fellesskapet og verden ellers. Det er viktig for innkjøpsordninga å ha et øye med eldre verker og kunstnerskap som ikke har blitt inkludert i samlinga i større grad tidligere.¹⁹

¹⁷ Ibid.

¹⁸ I Meld. St. 23 (2020 – 2021) *Musea i samfunnet. Tillit, ting og tid* er denne samlinga kalla Sametingets kunstsamling.

¹⁹ Frå invitasjon til utstillinga *Sametingets kunstinnkjøp 2018–2020* på heimesida til Sámi Dáiddaguovddás / Samisk senter for samtidskunst. Sjå <https://samidaiddaguovddas.no/sametingets-kunstinnkjop-2018-2020/>. Sist lese 19. desember 2021.

RidduDuottarMuseat har fått 3 millionar kroner til innkjøp. Midlane gitt hausten 2020 blei overført til 2021. I juli 2021 hadde komiteen brukt rundt 400.000 av desse midlane. Det vil seia viss ein berre reknar dei norsk-samiske kunstnarane. I rapporten har museet avgrensa seg til kjøp av kunst av norske statsborgarar. I juni 2020 var det blitt til 12 verk av fire kunstnarar, 3 kvinner og 1 mann: Ragna Misvær Grønstad (f. 1984), Hans Ragnar Mathisen (f. 1945), Hilde Skancke Pedersen (f. 1953) og Synnøve Persen (f. 1950). Det dyraste verket er mixed-media verket *Arv* (2021) av Hilde Skancke Pedersen til 210.000 kroner. Pedersen, som bur i Kautokeino, arbeider mykje med tekstile materialar og i *Arv* er tekstil kombinert med greiner. 9 av dei andre arbeida, som er grafiske blad, kosta under 20.000 per verk.

MenaSápmi er meir enn Noreg. Innkjøpskomiteen har også kjøpt inn kunst frå samiske kunstnarar med andre stasborgarskap og busette i dei delar av Sápmi som omfattar Nord-Sverige, Finland og Russland. I den aktuelle perioden omfattar det kunstverk av Victoria Andersson (f. 1971), Agneta Andersson (f. 1958), Lena Stenberg (f. 1961) og den lulesamiske kunsthandverkaren Katarina Spiik Skum (f. 1971), alle svensk-samiske.

På rapporteringstidspunktet var det også kjøpt inn, men utan at rekneskapen var avslutta, verk av tre kunstnarar til: Marte Lill Somby (f. 1987), Gjert Rognli (f. 1966) og den grønlandske kunstfotografen Jukke Rosing. Somby arbeider med alt frå grafikk, broderi, teikning, video, duodji og til skulpturelle installasjonar. Multimedial er også Rognli som fekk ein del mediemarksemeld hausten 2021. Grunnen var at han debuterte på Statens Kunstudstilling («Høstutstillingen») med foto etter å ha søkt utan hell i 20 år.²⁰ Med desse nemnde tillegga er det kjøpt kunst for meir enn ein million, men komiteen har brukt Sametingets eigne innkjøpsmidlar på kunst av ikkje-norske samar.

I retningslinjene for Sametingets innkjøpsordning heiter det at innkjøp bør skje i samband med offentlege utstillingar/visningar, og berre viss det er særlege grunnar til det bør ein avvika frå denne praksisen. Pandemien må seiast å vera ein slik grunn. Han har ført til avlysingar og utsetjingar av utstillingar som det elles kunne vore aktuelt å gjera innkjøp frå. I tillegg har han gjort det vanskeleg for komitémedlemmene som bur på kvar sin kant av landet, å møtast. Innkjøpskomiteen har meldt til Sametinget at dei ønskjer å gjera eit grundig arbeid og i eit samisk tempo, og har difor bede om å få bruka heile året 2022 til å fullføra innkjøpa.

Av rapporten som gjeld dei fire norske kunstnarane, går det fram at eit arbeid er kjøpt direkte frå kunstnar. Resten av kunsten er kjøpt hos Sámi Dáiddaguovddás / Samisk senter for samtidskunst i Karasjok, og frå to visningsstadar i Oslo: Galleri A og Oslo Kunstforening (som viste Mathisens utstilling *Kartografen* våren 2021).

Sogn og Fjordane Kunstmuseum

Museet har mottatt 3 millionar og har kjøpt 71 verk av 47 kunstnarar, 39 kvinner og 8 menn. Dei fleste kunstverka er produserte dei siste åra. Hovudtyngda av kunstnarane har også tilknyting til regionen på ein eller annan måte. Dei eldste er grafikaren Zdenka Rusova (f. 1939) og tekstilkunstnarane Unn Sønju (f. 1940), Elsebet Rahlff (f. 1940) og Astrid Wittersø (f. 1944). Den yngste kunstnaren er Eli Mai Huang Nesse (f. 1992) frå Sogndal.

Museet har ein intern innkjøpskomité med tre personar. Vanlegvis deltar avdelingsdirektør, konservator og kurator. Sidan museet i 2020-21 har vore i prosess med å tilsetje ny direktør og også gjennomføra andre endringar i personalet, har det i den aktuelle perioden vore totalt 5 personar innom komiteen (Thomas Walle, Eirin Mailund Svendsen, Ingrid Norum, Martine Due Sivertsen og Tor Martin Leknes). Komiteen har òg tatt imot innspel frå andre ved museet.

²⁰ <https://www.nrk.no/kultur/fikk-plass-pa-hostutstillingen-etter-a-ha-sokt-i-over-20-ar-1.15641670>. Sist lese 21. desember 2021.

Komiteen har valt ut ifrå følgjande kriterium: Kunst av kunstnarar med tilknyting til Sogn og Fjordane gjennom å kome frå, ha budd i, tematisert eller utøvd sitt kunstnarskap i regionen. Kunst av tekstil eller basert på tekstile teknikkar. Kunst som kan utjamne kjønnsbalansen i samlinga, særleg fotografi og grafikk av kvinnelege kunstnarar. Kunst som representerer underkommuniserte historier og eit større mangfald etnisk og med omsyn til seksualitet, og endeleg ein breiare representasjon av kunstnarskap som allereie fins i samlinga. Underrepresenterte medium som teikning, keramikk og video har også blitt prioritert.

Museet samlar både på kunsthåndverk og bildekunst. Av kunsthåndverk er det i tråd med dei definerte prioriteringane satsa på keramikk,²¹ mellom andre av Turid Haye (f. 1951), Lin Wang (f. 1985), Heidi Bjørgan (f. 1970) og Trine Hovden (f. 1976). Dei to siste blei innkjøpte i samband med ei større utstilling dei hadde på museet. Dei fleste arbeida, nærmare bestemt 50 verk, har kosta under 30.000 kroner. Det dyraste innkjøpet er installasjonen *Different Kinds of Water 5* av Pearla Pigao (f. 1984) som kosta 140.000. Pigao er født i Lillesand og bur i dag i Oslo. Ho har såleis ingen tilknyting til regionen, men ho er ein ung kunstnar det blir lagt merke til. Med bakgrunn i musikk og tekstil, kombinerer ho lyd og vev. Ho kan såleis seiast å utvida omgrepet tekstilkunst, og tekstil er eit av museet sine satsingsområde.

I den nye samlingsutstillinga som opna i desember 2021 blir det utelukkande vist tekstilkunst. Om bakgrunnen for dette står det på heimesida:

Vi veit ikkje sikkert kvifor Sogn og Fjordane Kunstmuseum har ei av dei sterkeste tekstilkunstsamlingane i Noreg. Mykje er samla inn frå miljøet rundt Heimeyrkeskulen på Jøster; eit tidleg kraftsenter for norsk tekstilkunst på 1970-talet. Frå lærarane sine eigne prosjekt, men òg frå elevar som sidan vart kunstnarar i sin eigen rett. Andre delar av samlinga kjem utanfrå, frå resten av Noreg. Nokon har tatt eit val om at det er hos oss kunstverka høyrer heime. Kanskje på grunn av dei lange tekstiltradisjonane i området?²²

Med dei ekstraordinære innkjøpsmidlane har museet styrkt denne profilen ytterlegare gjennom kjøp av tekstile verk av Maria Brinch (f. 1984), Elisabeth Haarr (f. 1945), Søren Krag (f. 1987), Hans Hamid Rasmussen (f. 1963), Hanna Roloff (f. 1985) og Kristina D. Aas (f. 1978). Søren Krag er dansk, men busett i Bergen. I 2020 vann han den nyopprettet prisene Nordic Award for teppet *Deux Mille Fleur* (To tusen blomar) som museet har kjøpt. Prisen blir utdelt av The Lumen Prize og er sponsa av Sørlandets Kunstmuseum. Den blir gitt til digital kunst eller kunst som kombinerer kunst og teknologi. Teppet er vevd på datastyrt jacquardvev og utvikla i samarbeid med ingeniøren Jonathan Riise. Krag fortel: «At the core of the project are computer-generated, hyper-stylized, symmetrical 'flowers'. To generate the flowers algorithmically, a fixed set of parameters were established». ²³ Sjølv omtalar han arbeidet som digitalt maleri, utført i vev. Sjølve produksjonen blei gjort hos møbelstoffprodusenten Innvik Sellgren i Sogn og Fjordane under oppsyn av kunstnar og designar Kristina D. Aas.

Museet har styrkt representasjonen av Norges-baserte kunstnarar med fleirkulturell bakgrunn gjennom kunstkjøp frå Apichaya Wanthiang (f. 1987), Thailand/Oslo; Ahmed Umar (f. 1988), Sudan/Oslo; Kwestan Jamal Bawan (f. 1965), Irak/Bergen, Rebecca Jafari (f. 1986), Iran/Oslo og Lin Wang (f. 1985), Kina/Bergen. Ein samisk kunstnar er også

²¹ Nokre av tekstilkunstnarane som er innkjøpte er også kunsthåndverkarar, men dei fleste reknar seg som bildekunstnarar.

²² <https://sflkm.no/2021/12/08/hekt-tekstilkunst-fra-samlinga/>. Sist lese 19. desember 2021.

²³ <https://www.artemorbida.com/interview-with-soren-krag/?lang=en>. Sist lese 6. desember 2020.

representert: Ragna Misvær Grønstad (f. 1984). Ho er innkjøpt med to tresnitt frå serien *Saltvannsblomst*. Motiva er store blomar og plantar og kvart bilde er også dedisert til til ein forfattar, filosof, feminist eller samfunnskritikar som Misvær Grønstad på dette viset inviterer inn til samtalar i det imaginære undervassriket sitt. I dei aktuelle trykka er samtalepartnarane forfattarane Virginia Woolf og Chimamanda Ngozi Adichie.

Dei fleste innkjøpa er gjort frå galleri og kunstnardrivne visningsstadar i Bergen og Oslo. I Bergen har museet handla hos Entrée, Kunstgarasjen og Tag Team. I Oslo hos Galleri Brandstrup, Galleri Format, Fotogalleriet, Kunstner forbundet, Kunstverket Galleri, MELK, LNM, Norske grafikere, OSL Contemporary og Shoot Gallery. I tillegg har dei kjøpt frå Hå Gamle Prestegard på Jæren og Dropsfabrikken i Trondheim.

Stavanger kunstmuseum

Museet har mottatt 3 millionar til innkjøp av samtidskunst. Innkjøpa er blitt gjort av museets interne innkjøpskomité som består av avdelingsdirektør Hanne Beate Ueland og konservatorane Vibece Salthe og Helga Nyman. Komiteen har bede om innspel frå relevante fagpersonar eksternt for å styrke mangfoldsperspektivet i innkjøpsarbeidet. Det blir alltid skrive ei fagleg grunngjeving for kvart innkjøp.

Museet har formulert ein samlingsstrategi som er offentleggjort på museets heimeside. Der skriv dei: «Stavanger kunstmuseums samling er sammensatt. Dette er en styrke fordi det bidrar til å fremme en forståelse av at kunstfeltet er mangfoldig.»²⁴ Å sikra eit visst mangfold samt regional forankring, er ein del av strategien. Om nyare kunst heiter det vidare: «Det er et mål å kjøpe inn kunst som kan sette samlingene i perspektiv, men som også er relevant både i en regional og internasjonal sammenheng.» Og: «Det er en overvekt av mannlige kunstnere i Stavanger kunstmuseums samling og innkjøpskomiteen vil etterstrebe en jevnere kjønnsfordeling.»²⁵

Museet har kjøpt 25 verk av i alt 17 norske kunstnarar, fordelt på 10 kvinner, 6 menn og 1 ikkje-binær. Det er brukt ca. 2,2 millionar på kunst av kvinner og ca. 0,9 millionar på kunst av menn. Museet har nytta høvet til å kjøpe dyr kunst: 7 verk har kosta over 200.000 kroner, og mellom dei dyraste er to verk av Ane Graff (f. 1974): *Gut Brain Axes* og *The Cardiovascular System*. Då desse arbeida blei vist på Liverpool Biennial i 2021, blei dei presenterte med følgjande ord:

The Gut-Brain Axis (2020) and *The Cardiovascular System* (2020) consist of smaller sculptures on top of “drooping” granite tables. Inspired by feminist new materialist thinkers, Graff considers materiality to be relational and process-oriented, characterised by permeability, entanglements and relations, rather than reduced to a single identity. Positioning the body as a meeting place contained within a larger system, Graff’s sculptures are bodies in themselves, where entangled narratives and materials meet, both conceptually and materially.²⁶

Til liks med Graff må amerikansk-norske Camille Norment (f. 1970) reknast til dei kunstnarane som set samlinga i perspektiv. Ho representerte Noreg på Biennalen i Venezia i 2015 med ein multimedia-installasjon, og ho er både musikar, komponist og bildekunstnar.

Av dei 17 kunstnarane har 12 tilknyting til regionen. Til desse høyrer Elin Melberg (f. 1976) som er innkjøpt med *Enfolded*, eit tekstilt verk til nesten 300.000 kroner av bølgjande massar av strikk og satengstoff. Innkjøpet gav stort presseoppslag i *Stavanger Aftenblad*, der

²⁴ <https://stavangerkunstmuseum.no/uploads/skm/Innsamlingspolitikk-SKM-2019-21.pdf>. Siste lese 6. desember 2021.

²⁵ Ibid.

²⁶ <https://liverpoolbiennial2021.com/artists/ane-graff/>. Sist lese 6. desember 2021.

kunstnaren uttrykte gleda si: «Det beste med å bli innkjøpt av museet er at man blir en del av evigheten».²⁷ Det er det fjerde verket museet har kjøpt av denne kunstnaren, så dette er ein kunstnarskap dei følgjer tett. *Enfolded* er eit verk som har blitt vist både i bildekunstsamanhangar og på Norske Kunsthåndverkeres Årsutstilling. Det rører seg såleis på tvers av etablerte kategoriar, noko som er karakteristisk for mykje av samtidskunsten. Det same kan seiast om eit veggobjekt av keramikaren og kunsthandverkaren Jens Erland (f. 1945) frå Bryne, som museet også har sikra seg.

Museet har innkjøpt verk av fleire eldre kunstnarar, til dømes Inger Bruun (f. 1942), Snøfrid Hunsbedt Eiene (f. 1942) og Elisabeth Haarr (f. 1945). Av Haarr har dei kjøpt ein bildevev laga i 1974-75.

Yngste kunstnar mellom dei innkjøpte er Linda Lamignan (f. 1988) frå Sandnes, og no busett i København. Hen avslutta utdanninga si så seint som i 2019. I tillegg til video er hen innkjøpt med eit verk med kakaobønner. Om valet av materiale og sin eigen praksis, fortel Lamignan:

My artistic practice is derived from the scattered pieces of my combined experience of growing up in Gabon, Nigeria and Norway. For the past couple of years, my focus has been on the ties between the oil industry in these two regions. Trying to understand this relationship, I have been looking at the industrial history of Nigeria, where groundnuts, cacao and palm oil were three of the biggest export industries before crude oil. In my work I have used these commodities as materials.²⁸

Andre med innvandrabakgrunn er zambisk-norske Victor Mutelekesha (f. 1976) og Herman Mbamba (f. 1980). Mbamba er den nest yngste kunstnaren mellom dei innkjøpte. Han er frå Namibia, men kom til Noreg i 2003 for å studera på Kunsthøgskolen i Oslo. Etter avslutta utdanning slo han seg ned i Haugesund. Aslaug Juliussen (f. 1953) som i val av motiv og material som reinsdyrhorn og tekstil refererer til samisk kultur, har blitt innkjøpt med ein større skulptur.

16 verk er kjøpt direkte frå kunstnarane, 9 er kjøpt gjennom galleri/kunsthallar, av dei er to lokale: Hå Gamle Prestegard og Galleri Opdahl, medan resten er kjøpt i Oslo på Galleri Format, OSL Contemporary og Galleri K.

Sørlandets Kunstmuseum

Museet har mottatt 3 millionar kroner, og hadde per 31. august 2021 brukt i underkant av 2 millionar. Den interne innkjøpskomiteen har bestått av kunstnarisk direktør Trude Gomnæs Ugelstad, kurator Hanne Cecilie Gulstad og kunstsamlingskonsulent Marte Undheim. Kuratorar i forskingspermisjon blei også konsultert, og det blei utveksla forslag over aktuelle kunstnarar. Etter 1. august 2021 har innkjøpskomiteen blitt utvida med kunsthistorikar Frida Forsgren.

Museet har kjøpt 29 verk av 25 kunstnarar (av dette er ein duo).²⁹ Av dei 25 er 14 kvinner og 11 menn. 8 verk har ein prislapp på mellom 100.000 og 180.000 kroner, 10 kunstverk kostar mindre enn 36.000. Nokre av dei dyraste verka er ikkje av kunstnarar med tilknyting til regionen, som Vanessa Baird (f. 1963), Maria Buskov (f. 1980), Linn Pedersen

²⁷ «Elin inn i evigheten», *Stavanger Aftenblad* 15. mai 2020. [https://www.aftenbladet.no/kultur/i/Ep758P/elin-
inn-i-evigheten](https://www.aftenbladet.no/kultur/i/Ep758P/elin-inn-i-evigheten). Sist lese 6. desember 2021.

²⁸ <https://arthubcopenhagen.net/en/event/linda-lamignan-2/>

²⁹ Parallelt med museets innkjøp har Tangensamlinga, som er deponert hos SKMU, auka med fleire tusen verk sidan 2019.

(f. 1982) og Vibeke Slyngstad (f. 1968). Andre i den dyre enden har lokal forankring som, til dømes, Johanne Hestvold (f. 1988).

Dei fleste innkjøpa er knytt til kunstnarar som i hovudsak bur i, eller kjem ifrå Sørlandet. Det er eit mål for museet å stimulera til skapande aktivitet i regionen. Unge, regionale kunstnarar har også blitt høgt prioritert. 13-14 av dei innkjøpte kunstnarane er under 40 år, det vil seia at dei er fødde etter 1980. Dei yngste er Erlend Evensen (f. 1996) og Tokyo Twins (f. 1988 og 1990). Tokyo Twins er ein norsk kunstnardo som består av Anne Ødegård (f. 1990) og Simon Daniel Tegnander Wenzel (f. 1988), begge frå Kristiansand. Duoen har arbeidd saman under dette namnet sidan 2014, og praksisen deira omfattar både performans, video, workshops og konsertar. Innhaldsmessig spelar dei gjerne på mytologi, heksekunst, science fiction, folketro, teknologi og natur, og undersøker korleis desse emna kan vera relevante i vår tid. Inspirasjon hentar dei mellom anna frå fantasy-litteratur og populærkultur.

Museet kjøper både kunsthandverk og bildekunst. Ser ein bort frå tekstil, er det berre ei krukke av John Skognes (f. 1952) og eit keramisk objekt av Nils Erichsen Martin (f. 1969) som kan definerast som kunsthandverk. 7 verk er kategoriserte som tekstil, og det gjer tekstil til den største materialgruppa eller mediet mellom innkjøpa. Mest kjent i denne gruppa er tekstilkunstnaren Elisabeth Haarr (f. 1945) som bur i Kristiansand. To andre monumentale tekstilkunstverk er signerte Tore Magne Gundersen (f. 1957). Han er frå Froland, men bur no i Oslo.

Resten av innkjøpa spreier seg på mange medium, frå video, foto og til maleri og skulptur. Det meste er laga i 2020 og 2021.

Museet skil seg ut frå dei fleste andre musea gjennom å ha handla svært mange verk lokalt, og gjennom å ha spreidd innkjøpa på dei fleste visningsstadane i regionen. I Kristiansand har dei handla hos Agder Kunstsenter, Kristiansand Kunsthall og Arteriet, og i regionen elles hos Bomuldsfabriken Kunsthall i Arendal, Galleri Villvin i Risør og Søgne gamle Prestegård. I tillegg har museet handla frå fleire galleri i Oslo-området: QB Gallery, Galleri Riis, OSL Contemporary, Galleri Golsa og Bærum Kunsthall. Dei har brukt i underkant av 300.000 kroner på kjøp i London: eit maleri av Vibeke Slyngstad frå Kristin Hjellegjerde Gallery og eit foto (C print) av Tori Wrånes (f. 1978) frå Carl Freedman Gallery. Wrånes er frå Kristiansand, men er ein av Norges mest internasjonalt kjente kunstnarar innanfor performans. Det aktuelle fotografiet er tatt i samband med prosjektet *Flute Warriors* (2017), der ho arbeidde saman med Red Comunitaria Trans, ei gruppe transkjønna aktivistar i Bogotá, Colombia.

Trondheim Kunstmuseum

Museet har mottatt 2,5 millionar til innkjøp. For denne summen er det kjøpt 29 verk av 26 kunstnarar, 17 kvinner og 9 menn. 5 har lokal tilknyting og like mange har fleirkulturell bakgrunn. Dei fleste kunstverka kosta mindre enn 100.000 kroner, 6 verk mellom 100.000 og 420.000 kroner.

Om prosessen uttalte direktøren til magasinet *Plenty* hausten 2020:

For oss kom stimuleringsmidlene tidsmessig veldig passende i og med at vi i høst har sett over vår inntaksplan for museet og også lagt en plan der vi de neste fem årene vil komplettere flere fortellinger og ha flere perspektiv på det norske samfunnet – og øke representasjoner av flere grupper i samlingen.³⁰

³⁰ <https://plnty.no/2021/02/trondheim-nyinnkjopt-samtidskunst/>. Sist lese 6. desember 2021.

Prinsippa om breiare representasjon og styrking av underrepresenterte perspektiv, er no nedfelt i planen som ligg til grunn for museet sin interne innkjøpskomité. At det er blitt kjøpt fleire verk laga av kvinner enn av menn siste året, er i tråd med denne målsetjinga.

Kvinnelege kunstnarar er frå før underrepresenterte i samlinga. Av andre kriterium som komiteen har lagt til grunn, kan nemnast:

Komiteen har søkt å ta inn verk av sentrale samtidskunstnere som er internasjonalt aktive, og som vurderes som viktige i forhold til at de har hatt en virkning på den faglige diskursen, på nasjonalt eller internasjonalt nivå.³¹

Dette har vore eit viktigare kriterium enn lokal forankring.

Når det gjeld medium så er langt største delen video (8), deretter følgjer installasjon (5) og tekstil. Museet har også kjøpt inn ein performans av Veslemøy Lillengen (f. 1975) og er generelt opptatt av kunst som har ein flyktig, ustabil eller immateriell karakter. Dette representerer uttrykk som det hittil har vore få av i samlinga, men som utgjer ein stor og viktig del av samtidskunsten. Særleg kjøpet av installasjonane representerer store satsingar som vanskeleg kunne lata seg gjera innanfor normale års innkjøpsbudsjett. Det dyraste einskildverket er såleis ein installasjon frå 2004 av Børre Sætre (f. 1967), *Play Position (The Lobby)*. Av Borgny Svalastog (f. 1943), den eldste kunstnaren på innkjøpslista, har museet kjøpt installasjonen *Framtidsminne* frå 1995, som handlar om død og AIDS.

7 av dei 17 kunstnarane er fødde på 1980-talet, og er med andre ord under 40 år. Den yngste er Vilde Løwenborg Blom (f. 1991) som har laga skulpturar/objekt av dropsmasse.

Museet har kjøpt inn verk frå kunstnararar som er forankra i kunsthandverket, som keramikaren Heidi Bjørgan (f. 1970) og tekstilkunstnaren Bente Sætrang (f. 1946). Grunngjevinga for desse vala, er særleg interessante, sidan museet hittil har hatt strenge grenser mot kunsthandverk:

Det er tatt inn to verk av kunstnere med sterkt tilknytning til kunsthåndverksfeltet.

Komiteen anser at koblingen til samlingen er relevant, men inntaket bidrar samtidig til å åpne for at TKMs samling kan omfatte verk som tradisjonelt leses inn i andre fagtradisjoner. Dette er et innspill om at disse inndelingene ikke er så selvklare og nødvendige som tidligere, og at verk som tilhører kunsthåndverksfeltet kan få en annen lesning når det tas inn billedkunstens kontekst.³²

Sætrang var den første professoren i tekstilkunst i Noreg, og då med stofftrykk som spesialområde. Eit anna tekstilkunstverk som museet har kjøpt, er laga av Elise Storsveen (f. 1969) som har fått mykje merksemd dei siste åra – også i form av «virkning for den faglige diskursen». Det same kan seiast om Sandra Mujinga (f. 1989) som er blitt innkjøpt til museet med både ein tekstilkulptur og eit videooverk.

Mangfaldet av perspektiv og forteljingar er styrka gjennom verk av Daisuke Kosugi (f. 1984) frå Japan/Oslo, Hasan Daraghmeh (f. 1983) frå Palestina/Trondheim, Ayatgali Tuleubek (f. 1985) frå Kasakhstan/Oslo, Cassius Fadlabi (f. 1975) frå Sudan/Oslo, Jumana Manna (f. 1987) frå Palestina/Berlin, Ignas Krunglevicius (f. 1979) frå Lithauen/Oslo, Brittany Nelson frå USA/Trondheim og før nemnde Sandra Mujinga frå Kongo/Berlin/Oslo. Mange av desse kunstnarane er kjøpt inn med større videoinstallasjonar i prisklassen 120.000 til 350.000 kroner. Det samiske perspektivet er representert ved Joar Nango (f. 1979) (også han med video) og Sissel M. Bergh (f. 1964) som bur i Trondheim.

³¹ Rapport til KUD, datert november 2021.

³² Ibid.

I 2015 starta museet eit prosjekt dei døypte «Kunstnerens valg». Kunstnarar frå Trondheim blei inviterte til å velja ut eit verk frå samlinga og presentere dette for publikum. Med dei ekstraordinære midlane frå KUD oppstod det «et mulighetsrom for å revitalisere Kunstnerens valg».³³ Storsalen blei stilt til disposisjon for fem inviterte kunstnarar som etter tur stod for ei utstilling der dei med eigne verk gjekk i dialog med eit valt verk frå samlinga. Frå kvar av desse fem utstillingane har museet kjøpt eit verk til 70.000 kroner. Museet har i tillegg gjort innkjøp frå to andre av sine eigne utstillingar.

Halvparten av innkjøpa er gjort direkte frå kunstnarane. Andre verk er kjøpt lokalt hos Droppsfabrikken, Babel visningsrom og Trøndelag senter for samtidskunst. Museet har også handla hos Telemarksgalleriet på Notodden og hjå Kunstner forbundet og Podium i Oslo.

Tendensar

Dei ekstraordinære midlane kom brått og uventa. Det var ikkje ein situasjon musea var førebudde på enn seia hadde planar for. I alle fall ikkje dei musea som til vanleg berre har nokre få hundretusen til innkjøp. Som Preus museum framhevar: ”Tilskuddet innebærer mange års «normale» innkjøpsbudsjett for vårt museum.”³⁴ Eller som Sogn og Fjordane Kunstmuseum forklarar: «På eit vanleg år har vi 300.000 kroner å kjøpe inn kunst for, så denne summen svarar til nesten 17 år med innkjøp.»³⁵

Alle musea ytrar stor glede over denne sjansen til å styrka samlingane sine. Mange har også nytta høvet til å skaffa seg større og dyrare verk enn det dei vanlegvis har hatt råd til. Men den uvante situasjonen har også vore utfordrande. Særleg den korte tidshorisonten for ordninga har vore krevjande for dei fleste. Midlane skulle brukast innanfor eit halvt år var kravet i tildelingsbrevet. Nokre få museum har ikkje fått brukt opp løyvinga innanfor denne tidsramma. Samlingsarbeid krev nemleg tid.

Mengda av meir arbeid som dei ekstraordinære midlane har ført med seg, har vore utfordrande. Research, innkjøpsmøte, organisering av transport, registrering, fotografering og forsvarleg lagring kostar arbeidstid. Dette utgjer den usynlege delen ved samlingsforvaltning som publikum sjeldan tenkjer over. Endå meir usynleg er tida det tar å modna ei avgjerd. Å gjera gode val krev såleis tid, framhevar fleire av musea. Å byggja ei samling er eit stort ansvar, og mange innkjøpskomitear er vane med å bruka god tid før dei gjer sine val. Mange kunstnarar og galleri sukkar ofte tungt over kor langsame musea kan vera i prosessen med å bestemma seg, men i arbeidet med denne rapporten har eg for første gong hørt galleri ytra det motsette: Det har gått for fort.

Pandemisituasjonen gjorde det ekstra vanskeleg å driva oppsøkjande verksemrd. Å kjøpa direkte frå utstillingar er ein innarbeidde praksis for norsk museum. I 2020 og 2021 blei mange utstillingar kansellerte eller utsette. I lange periodar var det ulovleg å kryssa kommunegrenser, og det var også utilrådeleg å dra på atelierbesøk. Innsamling av informasjon måtte skje digitalt, og kjøp vurderast på grunnlag av digital vising eller basera seg på fotografi av verk.

Dei fleste musea har følgd dei vante prosedyrane dei har for innkjøp, og svært få har knytt til seg eksterne rådgjevarar. Derimot har fleire galleri følt at arbeidet med å finna fram til aktuelle verk å kjøpa, blei lagt over på dei. Rolla som researcher og rådgjevar blei til ein viss grad skyve over på galleria og visningsstadane.

³³ <https://trondheimkunstmuseum.no/kunstnerens-valg-2021>. Sist lese 6. desember 2021.

³⁴ <https://www.preusmuseum.no/nor/Oppdag-samlingene/Fotografer/Nye-innkjoep-til-samlingen>. Sist lese 20. desember 2021.

³⁵ E-post kommunikasjon med samlingsansvarleg, datert 20. desember 2021.

Har musea prioritert midlane i tråd med eigen innsamlingspolitikk?

Dei musea som har ein skriftleg plan for innkjøp, eller ein formulert samlingsstrategi, har handla i tråd med denne. Som Grethe Lunde Øvrebø, leiar for Haugesund Billedgalleri, seier det, har det ekstraordinære tilskotet gitt museet «anledning til å kjøpe inn verk av kunstnere som vi har fulgt med på over lang tid, og som er i tråd med strategien for samlingsutviklingen vår.»³⁶ Sara Cornelia Greiff, som er direktør på Kunstmuseet NordTrøndelag, framhevar likeins det «mulighetsrommet» som midlane har opna for til å skaffa seg kunst frå kunstnarar på eit nivå dei ikkje tidlegare har hatt råd til. Og ho legg til:

Innkjøpene vi nå ønsker å foreta forener den eksisterende samling inn i en tydeligere historisk kontekst og gir oss et større rom til å arbeide med samlinga knyttet opp mot den samfunnsrollen vi har – som innebærer å kunne trekke paralleller både i og mellom ulike kunstnerskap, samt formidle lokal, så vel som nasjonal og internasjonal historie, hendelser og tema sett gjennom ulike kunstuttrykk. Det er kunstmuseets oppgave å formidle og forvalte denne visuelle historie for vårt publikum.³⁷

I forhold til kva musea hittil har samla på, går det likevel an å svara nei på spørsmålet om musea har prioritert midlane i tråd med eigen innsamlingspolitikk. Spør vi derimot om musea har prioritert midlane i tråd med kva dei har hatt av ønske er svaret ja. Eller kanskje vi bør leggja til at desse ønska i stor grad er av nyare dato?

Noko av det mest påfallande er kor mange museum som har nytta høvet til å utvida samlingane sine i nye retningar og slik endra rammene for kva dei samlar på. Mange har framheva ønsket om ei større breidde i samlingane. Dette vil bli utdjupa under neste punkt.

Finst det tendensar i innkjøpa på tvers av institusjonane?

For dagens museum er det blitt viktig å tenkja gjennom den makta dei har som historieforteljarar. På få år har det skjedd ei tydeleg endring i norske kunstmuseum på dette punktet. Det er ikkje mange år sidan museumsleiarar avviste krav om å tenkja representasjon i innkjøpspolitikken med tilvising til at det einaste kriteriet som gjeld er «kunstnarleg kvalitet». Den gongen handla diskusjonen om fråveret av verk av kvinnelege kunstnarar i samlingane. Som det går fram av denne rapporten, «konkurrerer» dei same institusjonane no om å kjøpa verk av kvinner, og i tillegg er nye underrepresenterte grupper blitt ein del av diskusjonen. Tre tendensar er særleg påfallande, og det er nærliggjande å spørja om dette inneber eit paradigmeskifte i inntakspolitikken.

Flest kvinner

14 av 16 museum har kjøpt kunst av *fleire* kvinnelege kunstnarar enn mannlege. Nokre har kjøpt kunst av dobbelt så mange kvinner som menn, hos andre, som KODE i Bergen, er representasjonen av kvinner firedobbelts så høg. Dei to resterande musea har kjøpt *like* mange verk av kvinnelege som mannlege kunstnarar. Fordi samlingane har store hol når det gjeld verk av kvinnelege kunstnarar, er det mange eldre kunstnarar som no opplever å bli innkjøpt, og då med arbeid frå både tidleg og sein i karrieren. Feministiske kunsthistorikarar har lenge kritisert mansdominansen i den rådande kunsthistoriske kanon. Bøker av typen «Kunstens historie» burde heller blitt kalla «Berre halve kunsthistoria» eller «Historia om menns kunst», hevdar Griselda Pollock.³⁸ Denne innsikta har tydelegvis fått gjennomslag i norske

³⁶ Truls Horvei, «Kjøper inn kunst for to millioner kroner». *Haugesund Avis* 3. februar 2021. <https://www.ha-avis.no/kjoper-inn-kunst-for-to-millioner-kroner/s/5-62-1135125>. Sist lese 16. november 2021.

³⁷ «En gavepakke som gir oss enda større spillerom», *Namdalsavisa* 8. februar 2021, s. 15.

³⁸ Griselda Pollock, «Abstraction? Co-Creation?» i: Christine Macel og Karolina Ziebinska-Lewandowska (red.), *Women in Abstraction*. Paris/London: Centre Pompidou / Thames and Hudson 2021, s. 27.

kunstmuseum. Ei revidering av historia er på gang, kanskje kan det jamvel enda i ei nyskriving av den norske kunsthistoria?

Mykje tekstilkunst

Dei siste åra har det i samtidskunsten skjedd ei omfamning av tekstil – både som materiale i bildekunst og kunsthandverk og som ein eigen kunstnarleg disiplin. 14 av musea har sikra seg viktige tekstilkunstverk. I Sørlandets Kunstmuseum utgjer tekstilkunsten den største kategorien av innkjøpa, og Sogn og Fjordane Kunstmuseum har jamvel gjort tekstilkunst til eit eksplisitt satsingsområde. Spennvidda i innkjøpa på dette feltet er svært stor og omfattar verk frå 1950-talet til i dag, og frå kunstnarar fødd på 1940-talet til 1990-talet. Det er tekstilkunst laga av både mannlege og kvinnelege kunstnarar, og med både norsk, samisk og fleirkulturell bakgrunn. Teknikkane er likeins alt frå broderi, vev, applikasjon, kollasj, plantefarging og folding og til strikk og trykk og maling på stoff i to og tre dimensjonar.

Kunst av samar

I 2017 var fleire samiske kunstnarar inviterte til å delta på Documenta 14 i Kassel og Athen – ei internasjonale mønstring som berre blir arrangert kvart 5. år. Mange reknar Documenta som den viktigaste kunstutstillinga i verda. For Britta Marakatt-Labba og Joar Nango var det truleg dette som skulle til for at også norske museum i stort omfang begynte å interessera seg for deira kunst. 4 museum har bruk av dei ekstraordinære innkjøpsmidlane til å sikra seg verk av Nango, 3 museum av Marakatt-Labba, men i alt har 11 museum kjøpt kunst av samiske kunstnarar og kunsthandverkarar frå både sør og nord i landet, kyst og innland.

No skjedde det fleire ting i 2017 som bidrog til auka merksemd rundt samisk kunst og kultur. Tråante 2017 var ei storstilt feiring av 100-årsjubileet for samane sitt første landsmøte i Trondheim 6. februar 1917, og årskonferansen til Norsk kulturråd hadde «samisk vrede» som tema. Det skal også seiast at postkolonial teori lenge har prega dagsordenen i kunstverda internasjonalt. Etterkvart har denne typen tenking fått gjennomslag i norske fagmiljø, og ført til kritiske spørsmål om herske- og marginaliseringsteknikkar i det norske samfunnet.³⁹ Kven er med i dei nasjonale forteljingane, og kven er usynlege? Det held ikkje lenger for museum i sør å tenkja at samisk kunst tar Sametinget seg av. Samar er omsider blitt ein del av den større nasjonale historia. Som det heiter i stortingsmeldinga *Kulturens kraft*: «Den samiske kunsten representerer røyster og erfaringar som utgjer ein del av forteljinga om Noreg, og er derfor ein ressurs for kulturlivet.»⁴⁰

Satsing på samisk kunst var allereie ein tydeleg tendens då eg skreiv rapporten *Å samla kunst*.⁴¹ At musea har halde fram med å styrka samlingane sine på dette området, viser at midlane har spelt saman med museas eigne ønske for samlingsutviklinga, og likevel ikkje: Anerkjeninga av samane som urfolk må også innebera ein aksept av at Sápmi strekkjer seg over fleire land på Nordkalotten. Kravet om at dei ekstraordinære midlane skulle gå til innkjøp av kunst av kunstnarar «som i hovudsak bur og verkar i Noreg» blir i dette perspektivet ekskluderande. Nordnorsk Kunstmuseum har heva seg over dette kravet i sine kjøp av samisk kunst, medan RiddoDuottarMuseat berre rapporterer midlar brukt på kunst av norske samar.

³⁹ Sjå t.d. Mathias Danbolt, «Kunst og kolonialitet». *Kunst og Kultur* nr. 3 2018, s. 126-132.

⁴⁰ Meld. St. 8 (2018-2019), *Kulturens kraft – Kulturpolitikk for framtida*, s. 73.

⁴¹ Jorunn Veiteberg, *Å samla kunst*. Oslo: Kulturrådet 2019, s. 134-35.

Fleirkulturelt og etnisk mangfald

Med unnatak av den kvenske kunsthåndverkaren Åsne Kummeneje Mellem er nasjonale minoritetar lite synlege i musea sine innkjøp. I Noreg er både jødar, kvenar/norskfinnar, rom (sigøynarar), romanifolk/taterar og skogfinnar godtekne som nasjonale minoritetar. Det kan godt henda at det finst kunstnarar med slik bakgrunn bak dei innkjøpte verka, men viss ikkje kunstnaren sjølv gjer identiteten til eit tema i sin kunst, eller gjer seg synlege gjennom klesdrakt eller anna, kan dette vera vanskelege å oppdaga. Slik må det også vera. Eit einsidig etnisitetsfokus er problematisk. Det kan like gjerne bidra til å forsterka det ein ville motarbeida ved å støtta opp om «segregeringstendenser som gjøres gjeldende mellom minoriteter og majoriteten» i samfunnet.⁴² Ikkje alle ønskjer å bli definert på grunnlag av etnisk opphav eller hudfarge, seksuell legning eller kjønn, men ønskjer som kunstnar å vera seg sjølv, rett og slett, eit komplekst og unikt vesen. Mange kunstnarar opplever at kjønn og hudfarge (viss ein er brun eller svart, vil det seia) lett kan koma til å stå i vegen for andre sider ved deira kunstnarlege uttrykk og praksis.

Samstundes er det å få fram fleire stemmer som kan representera dei mange variasjonane som finst i befolkninga, eit viktig kulturpolitisk mål. For å finna ut om ein lukkast i å nå eit slikt mål, må mangfaldet definera og klassifisera. Den siste stortingsmeldinga om kultur, *Kulturens kraft*, legg stor vekt på verdien av mangfald i mange ulike tydingar av ordet, men «kulturelt mangfald» blir særleg knytt til det fleirkulturelle: «Eit større etnisk og kulturelt mangfald inneber møte mellom ulike språk, kulturar, tradisjonar, religionar, livssyn og verdiar, og større variasjon i levesett og sosiale relasjoner i befolkninga,» slår meldinga fast.⁴³

I denne rapporten har eg prøvd å løfta fram innkjøp frå kunstnarar med innvandrarbakgrunn, forstått som ikkje-norske statsborgarar frå land utanfor Europa og Nord-Amerika. Eg gjer det for å få fram at fleire av musea arbeider i dag aktivt for å få større mangfald i samlingane sine. Mange av dei kunstnarane det er tale om, tematiserer også i kunsten sin det å vera fleirkulturell på ulike vis.

Hos 7 av musea er mangfald i form av innkjøp av fleirkulturelle kunstnarar ein medviten strategi. Det er det som gjer at eg løftar fram fleirkulturelt og etnisk mangfald som ein tendens. Andre museum har kjøpt kunstverk frå ein eller to kunstnarar med annan etnisk bakgrunn enn norsk. Når det er så få, får det lettare karakter av å vera eit alibi meir enn eit uttrykk for ei reel endring av prioriteringar og perspektiv.

Svært mange av dei innkjøpte, fleirkulturelle kunstnarane er unge, mellom 30 og 40 år. På den norske kunstscena er innslaget av kunstnarar med ikkje-europeisk bakgrunn vakse monaleg i seinare år. Og mange av dei gjer seg sterkt gjeldande. Fleire har, som Sandra Mujinga og Frida Orupabo, allereie gang i ei internasjonal karriere. Ei følgje av det er at innkjøp som regel må skje gjennom dei internasjonale galleristane dei har avtale med.

I stortingsmeldinga *Kulturens kraft* blir kulturelt mangfald definert som ein kvalitet. Mange av kunstmusea deler tydelegvis denne oppfatninga, og ønskjer at samlingane deira skal spegla dette. Om denne utvikling er ein reaksjon på politiske signal, eller ei følgje av tendensar i kunstverda sjølv, er vanskeleg å seia. Kanskje begge delar spelar inn?

Å tenkja i større mangfald, er i alle fall i tråd med ein internasjonal trend i museumsverda: Stedelijk Museum i Amsterdam har vedtatt at minst halvparten av deira innkjøpsbudsjett i 2021–2024 skal brukast på kunst av farga kunstnarar og på kunstnarar frå

⁴² Denne kritikken kom fram i evalueringane av Mangfoldsåret 2008 og det svenske Mångkulturåret 2006, sjå Anne Ogundipe, Silje Eikemo og Ellen K. Aslaksen, *Et kunnskapsbasert og langsiktig mangfoldsarbeid*, Kulturrådet 2020, s. 16.

⁴³ Meld. St. 8 (2018-2019), *Kulturens kraft – Kulturpolitikk for framtida*, s. 22.

utanom Europa og Nord-Amerika.⁴⁴ I Storbritannia står også større diversitet høgt på dagsorden, kan onlinemagasinet *Artnet News* rapportera. I den same artikkelen blir vi samstundes minna om at å få til ei varig endring av dette slaget i museumssystemet inneber eit langsiktig og hardt arbeid: «The scholarship involved, the staffing up of expertise, the rewriting of the narrative, the re-engagement with the audience—these are things that are not happening overnight». ⁴⁵ Det er difor samlingsutvikling tar tid og krev ressursar.

Det skal bli interessant å følgja om det kulturelle mangfaldet ekstraløyvingane har opna for, vil blir følgd opp i åra som kjem. Har ordninga utløyst eit paradigmeskifte i halvparten av norske kunstmuseum?

Temporære verk

Kva som *ikkje* er blitt innkjøpt, kan det også vera grunn til å dvela ved. I samtidskunsten har performans, lydverk og andre typar temporære verk og prosess-orienterte praksisar ein sentral plass. At norske museum i liten grad kjøper denne typen kunst, er også ein tendens. Lenge var det videokunsten som lei under dette, men i dag ser alle musea ut til å kjøpa videokunst, ikkje minst i form av installasjonar. Det skal også framhevest at både Haugesund Billedgalleri, Henie Onstad Kunstsenter og Trondheim Kunstmuseum har kjøpt performans. I kunstverda er det etablerte system for korleis performans kan kjøpast som verk til ei samling. Museet kan kjøpa rekvisittar og anna fysisk materiale som inngår og eit sertifikat som gir rett til gjenoppføringar. Andre gonger kan det vera aktuelt med dokumentasjon av hendinga i form av foto- og videoopptak som kan få verkstatus i eigen rett, slik Sørlandets Kunstmuseums foto frå ein performans av Tori Wrånes er. Av norske museum er det først og fremst Henie Onstad Kunstsenter som har hatt ein innkjøpsprofil som omfattar denne typen kunst. No har også Trondheim Kunstmuseum definert tidsbaserte verk som video, lydkunst og performans som satsingsområde. Men temporære kunstprosjekt handlar også ofte om eit tett samarbeid mellom kunstnar og museum, noko Trondheim Kunstmuseum ønskjer å inngå i, men meiner tilleggsmidlane ikkje er rigga for:

Stimuleringsordningen er basert på ideen om at kunstneren utfører et kunstverk, galleristen selger kunstverket videre – og man ser på kunstverket som noe ferdig som kan kjøpes inn. Men mye av kunsten skapes i samarbeid mellom institusjon og kunstner, eller skapes i form av prosjekt som kanskje kan være kunstverket i seg selv, men som kanskje ikke etterlater seg bestående spor. Dette er et viktig aspekt av kunstlivet som denne formen for støtte ikke når. Så man kan si at støtten favoriserer kunstneren som er etablert og jobber objektbasert.⁴⁶

Kunsthandverk og design

Dei ekstraordinære midlane skulle gå til innkjøp av bildekunst, kunsthandverk og design frå samtidia. Nordenfjeldske Kunsthindstrimuseum og KODE i Bergen (der tidlegare Vestlandske kunstindstrimuseum inngår) er dei musea i denne undersøkinga som har design som vesentleg del av samlingane sine. Nordenfjeldske Kunsthindstrimuseum er det einaste museet

⁴⁴ Naomi Rea og Eileen Kinsella, «As Museums Desperately Try to Diversify Their Collections, They Now Face Another Problem: How to Pay for It in a Financial Crisis». 11. februar 2021. https://news.artnet.com/art-world/art-museum-diversity-collections-1942997?utm_content=from_&utm_source=Sailthru&utm_medium=email&utm_campaign=EUR%20Feb%201%20AM&utm_term=EUR%20Daily%20Newsletter%20%5BMORNING%5D. Sist lese 11. februar 2021.

⁴⁵ Ibid.

⁴⁶ Direktør Johan Börjeson i intervju i *Plenty*. <https://plnty.no/2021/02/trondheim-nyinnkjopt-samtidskunst/>. Sist lese 23. desember 2021.

som har nytta tilleggsmidlane til vesentleg styrking av samlinga med møblar, mote og andre objekt frå dagens designarar.

12 museum har kjøpt kunsthandverk og/eller duodji (samisk handverk og kunsthandverk). Drammen Museum og Kunstmuseet KUBE skil seg ut med innkjøp frå 6 kunsthandverkarar. Likeins Nordnorsk Kunstmuseum med både kunsthandverk og duodji. Eldre og godt etablerte namn dominerer. Det er også ein interessant tendens verd å merka seg at både Trondheim kunstmuseum og Haugar kunstmuseum framhevar at materialbasert kunst og kunsthandverk representerer verdiar og kvalitetar som gjer verk av denne typen aktuell for desse musea.

Halvparten av dei 12 musea som har kjøpt kunsthandverk, har berre kjøpt verk frå 2 kunsthandverkarar, og då helst keramikk og tekstil. Her skal det seiast at det ofte er flytande grenser mellom tekstil som bildekunst og tekstil som kunsthandverk. Det er meir eit spørsmål om kvar kunstnaren er organisert eller har sine faglege bakgrunn enn karakteristika ved verket sjølv. Mi oppteljing må difor takast med ei klype salt, og eg har berre rekna som kunsthandverk den tekstilkunsten der eg veit kunstnaren definerer seg som kunsthandverkar. Keramikaren Heidi Bjørgan er den einaste kunsthandverkaren som er innkjøpt av tre museum, smykkekunstnaren Raymond Ziegler av 2.

Har musea, kvar for seg og samla sett, brukt tilleggsløyvingane til å fokusera særlege kunstnarsskap eller profilar?

Dei fleste musea har nokre kunstnarsskap som dei følgjer opp gjennom å sikra seg representative verk frå ulike fasar av karrieren deira. Naturleg nok har tilleggsløyvingane blitt brukte til å kjøpa fleire verk av desse kunstnarane, som t.d. Preus Museums kjøp av fotoserien som var Vibeke Tandbergs avgangsprosjekt på Kunsthøgskolen, eller Haugar og Henie Onstads kjøp av foto av Torbjørn Rødland. Det er likevel meir påfallande at mange av musea har nytta dette høvet til å sikra seg verk av kunstnarar dei ikkje har noko av frå før, men som har stått på ønskelista deira. Svært få namn går att frå museum til museum. 2 samiske kunstnarar, Ragna Misvær Grønstad og Joar Nango, er blitt innkjøpte av i alt 4 museum. Litt fleire er blitt innkjøpte av 3 museum: Sissel M. Bergh, Heidi Bjørgan, Julie Ebbing, Elisabeth Haarr, Karoline Hjorth & Riitta Ikonen, Britta Marakkatt-Labba og Herman Mbamba. Ein svært ueinsarta gjeng på alle vis, men til saman representerer dei hovudtendensane: satsinga på kvinner, tekstilkunst, samar og fleirkulturelle. At det ikkje er fleire kunstnarar som går att på museas innkjøpslister, er det nærliggjande å tru at heng saman med at dei prioriterer kunstnarar med tilknyting til eigen region.

Har innkjøpa kome salsleddet, utanom kunstnarane, til gode? Og har innkjøpa hatt betydning for galleri og kunsthallar?

I år vil salet av bildekunst sette ny rekord i Noreg, kunne avisa *Klassekampen* melda 15. november 2021.⁴⁷ Nesten ein milliard kroner, lydde prognosene frå Bildende Kunstneres Hjelpefond.⁴⁸ Då rapporten *Kunst i tall 2020* kom ein månad seinare, kunne dei slå fast at året innan var det totale salstalet enda på nærare 1,6 milliard.⁴⁹ Inntektene frå sal av visuell kunst i galleri og kunsthandel steig med 7 prosent i 2020 samanlikna med 2019, medan kunstforeiningar og kunstsentrar auka kunstsaledet sitt med 4%.⁵⁰ Privat sal direkte frå kunstnar

⁴⁷ Jonas Brække: «Salget til himmels». *Klassekampen* 15. november 2021, s. 20-21.

⁴⁸ Ibid.

⁴⁹ I denne summen inngår Astrup Fearnley Museet sitt sal av eit Francis Bacon-maleri til 84,6 millionar dollar (omlag 820 millionar norske kroner). Ser vi bort frå dette salet, var omsetninga i 2020 ca 780 millionar.

⁵⁰ Tiril Salhus Røed et al., *Kunst i tall 2020*, Oslo: Kulturrådet 2021, s. 61.

auka med 5 prosent og i kroner utgjorde det 172 millionar kroner.⁵¹ Dette var første gong det var realauke i kunstsaled sidan 2015, og alt tyder på at 2021 kan bli eit endå betre år.

Den første runden med 17 millionar i tilleggsmidlar til musea kom først seint på hausten 2020. Musea sitt bidrag til den auka omsetninga, vil difor slå endå sterkare ut i 2021.

8 av 16 museum har handla hos galleriet OSL Contemporary i Oslo, 6 hos Galleri Riis og Galleri Format, 4 hos Kunstnerforbundet og 3 hos Standard, QB Gallery, Brandstrup og Galleri Golsa. Alle desse galleria er i Oslo. Utanom Oslo er det berre Dropsfabrikken i Trondheim med sal til 5 museum, og Galleri Entrée i Bergen med sal til 3 museum, som kan hevda seg i konkurransen med Oslo-galleria. Dette seier noko om kor sentralisert kunstmarknaden i Noreg er.

Fleire galleri fortel av 2020 og 2021 har, økonomisk sett, vore deira beste år noko sinne. Musea har – med få unnatak – i liten grad kjøpt kunst i kunsthallar, kunstforeiningar, kunstnarsentra og kunstnardrivne visningsstadar. Eg kan berre spekulera i grunnane til det, men ein kan vera at den siste typen institusjonar ikkje har kunstnarar i stall som dei aktivt promoverer. I Noreg er det svært mange kunstnarar som ikkje er i stall hos eit galleri, og det kan forklara at mange kjøp er blitt til gjennom direkte kontakt med kunstnar.

Så kultur- og likestillingsministeren har dekning for orda sine då han i ei pressemelding slo fast: ”Støtta bidreg til å skape auka etterspurnad i kunstmarknaden og større aktivitet i det visuelle kunstfeltet. Dette er gode grep som kjem både visingsstader og kunstnarar til gode i ei vanskeleg tid.”⁵²

Sideverknader

Utstillingar

Tre til fem millionar ekstra til kunstinnkjøp på mindre enn eit år er mykje for museum som til vanleg har mellom 0 og 1 million i innkjøpsbudsjett. Det er eit verkemiddel som har blitt lagt merke til i alle delar av det økosystemet som kunstverda utgjer. Musea er også opptatt av å gi publikum kjennskap til tilveksten dette har gitt til samlingane. Fleire av musea har og kjem til å løfta fram innkjøpa i eigne utstillingar. I Haugesund Billedgalleri var sommarutstillinga 2021 *Kraftak for kunsten - innkjøp i Koronaåret (eit utval)*. Nyervervelser på Haugar lokka museet i Tønsberg med hausten 2021. *Utvidelser. Ny kunst, ny samling* blei tittelen på Lillehammer Kunstmuseums ditto, medan KODE kunstmuseer og komponisthjem i Bergen viste sin nyinnkjøpte kunst i utstillinga *First the Good News*. Fleire kunne bli nemnt, men eg vil avgrensa meg til å trekkja fram det museet som var først ute med å visa nyinnkjøpa. Allereie 10. desember 2020, presenterte Henie Onstad Kunstsenter prosjektet *Kunst bak glasset*:

Med koronastengte dører har kunstsenteret måttet tenke nytt for å gi kunstopplevelser til publikum. Da Henie Onstad tidligere i høst mottok midler for å kjøpe inn nye verk til samlingen, og samtidig stimulere kunstsektoren, kom ideen om en vindusutstilling i administrasjonsfløyen. Også tidligere har denne vist seg å være et egnet sted å vise kunst til publikum, og i disse tider passer det godt å kunne vise kunst ”utendørs”. I alt har samlingen fått nye verk av åtte norske samtidskunstnere; Anna Daniell (f. 1978) fra Galleri Brandstrup, Espen Gleditsch (f. 1983), Jorunn Hancke Øgstad (f. 1979) fra VI, VII, Lene Berg (f. 1965), Marianne Heier (f. 1969), Morten Andenæs (f. 1979) fra

⁵¹ Ibid., s. 59.

⁵² «Får midlar til kunstkjøp», *Firda Tidend* 5. februar 2021, s. 11.

Galleri Riis, Pedro Gomez-Egana (f. 1976) fra Zilberman Gallery og Sandra Mujinga (f. 1989) fra The Approach.⁵³

På lag med kunstnarorganisasjonane

Kulturdepartement har med denne ordninga lytta til kunstnarorganisasjonane. 24. august 2020 arrangerte Kulturdepartementet eit innspelsmøte om nye stimuleringsordningar for «aktivitet i alle deler av næringskjeden i kulturlivet». Kunstnarorganisasjonane for bildekunstarar, NBK, kunsthåndverkarar, NK, og kunstfotografar, FFF, foreslo i fellesskap to tiltak: Innkjøp av samtidskunst til kunstmusea over heile landet via ekstraordinære midlar, og innkjøp av samtidskunst til offentleg bygg og stimulering til kunstprosjekt i offentlege rom i heile landet gjennom KORO. Fagorganisasjonane kunne visa til at omsetninga av visuell kunst hadde opplevd eit fall på 22% frå januar til april 2020 i forhold til året før. Og det i ein periode der det også var to «friske» månader. Som vi veit enda året med stigning i kunstomsetninga, og organisasjonane meiner at tilleggsløyvingane til musea har vore ei svært treffsikker ordning.

Ny motivasjon for kunstnarane

Kva musea samlar fører automatisk til ei kanonisering av både verk og kunstnar. Frå museet si side er det å samla å foreta val, og dei blir gjort ut ifrå ein klar tanke om kva ein samlar på. Alt anna ville vera rein akkumulering. For kunstnaren gir det status å bli innkjøpt til eit museum. Det er eit synleg prov på anerkjenning, og representerer eit kvalitetsstempel som blir lagt merke til også av andre samlarar. Museumsinnkjøp aukar såleis marknadsverdien, men gir også sosial og kulturell kapital, for å låna to omgrep frå sosiologen Pierre Bourdieu.⁵⁴

For den einskilde kunstnaren som lever med stor uviss i sitt daglege arbeid, og som under covid-19-pandemien måtte kansellera eller utsetja utstillingar, blei innkjøp ein viktig motivasjonsfaktor: «At Sandra Mujinga har solgt tre verk, av dei to videoinstallasjonar, til to ulike museer, oppmuntrer henne til å fortsette som kunstner i en krevende tid», kunne vi såleis lesa i *Klassekampen* etter eit år med pandemi.⁵⁵ Medan Elin Melberg framhevar at samstundes som innkjøpet gjer «at man blir en del av evigheten» gav det pengar til ei rotfylling.⁵⁶

Ein ny kunstgeografi

For eit museum er det viktig å eiga verk av dei «fremste», altså dei mest kanoniserte kunstnarane. Det er ofte eit fortrinn i kuransen om publikum, og det gjer museet attraktivt som utlånar. Men denne tendensen fører lett til einsretting i dei store musea: alle samlar dei på dei same «meistrane», enten det er Jeff Koons og Damien Hirst eller Louis Bourgeois og Yuka Kusama. For mindre museum er det av prismessige grunnar uråd å delta i denne konkurransen, og kanskje er det også blitt mindre naudsynt i dag? Folk reiser mykje meir og har i tillegg tilgang på informasjon i mange ulike kanalar. For dei mindre musea er spørsmålet i dag snarare: Korleis skilja seg ut? Attraksjonen ligg i å kunna by på noko som ingen andre har. Og kva kan dette vera, om ikkje lokal og nasjonal kunst? Globaliseringa har paradoksalt nok auka behovet for ein lokal identitet, eller ein særeigen identitet. Dette har mange av kunstmusea innsett, og å bidra til ei «differensiering av kanon»⁵⁷, har vore ein klar tendens i norske kunstmuseum i seinare år. Fleire museum er i kommunikasjonen sin blitt

⁵³ <https://www.hok.no/utstillinger/kunst-bak-glassen>. Sist lese 20. november 2021.

⁵⁴ Pierre Bourdieu, *Distinksjonen – en sosiologisk kritikk av dømmekraften*. Oslo: Pax 1995.

⁵⁵ Sara Hegna Hammer, "Storinnkjøp av kunst". *Klassekampen* 1. februar 2021, s. 23.

⁵⁶ «Elin inn i evigheten», *Stavanger Aftenblad* 15. mai 2020. <https://www.aftenbladet.no/kultur/i/Ep758P/elin-inn-i-evigheten>. Sist lese 6. desember 2021.

⁵⁷ Griselda Pollock, *Differencing the Canon. Feminism and the Writing of Art's Histories*. London: Routledge 1999.

tydelegare på at det finst ikkje berre *ei* kunsthistorie, men *fleire*: I staden for kunsthistoria i eintal, opererer dei med kunsthistorier i fleirtal. Følgjeleg er deira kanon ikkje fast og ferdig, men til stadig forhandling og revidering.

Ein av dei faste kunstkommentatorane i Klassekampen, idéhistorikaren Kåre Bulie, hadde våren 2021 ein interessant refleksjon som er verd å sitera. Han konstaterer at koronaviruset har snudd opp ned på det konstant reisande kunstlivet, og spør seg om det kan koma til å gi dei norske regionmusea ei ny og viktigare rolle:

En utflukt til Lillehammer fikk meg til å tenke på en artikkel jeg nettopp hadde lest i kunstmagasinet Frieze. Under tittelen «A New Regionalism» samtalte fire representanter for Storbritannias regionale kunstmiljøer om arbeidsforholdene for institusjoner utenfor London. «Og kan pandemien, med sine begrensninger på reisevirksomhet, gi støtet til en ny vektlegging av det lokale og tvinge kunstorganisasjoner til å se om igjen på hvilke miljøer de tjener, og hvordan?» spurte Frieze. Én mente at enhver påpekning av gapet mellom London og regionene er av det gode. En annen snakket om hvor krevende det kan være å forbli synlig og «del av samtalet» utenfor hovedstaden. En tredje tematiserte hvordan Londons kunstliv fikk tildelt uforholdsmessig mye av støttemidlene.⁵⁸

Norske museumsfolk kan sikkert kjenna seg att i desse erfaringane, men måten dei har brukt innkjøpsmidlane på viser at dei er i ferd med å byggja opp samlingar som ikkje er blåkopiar av kvarandre, snarare tvert imot. Tilleggsløyvingane har sett dei i stand til å styrka samlingane sine, og då med eit regionalt hovudfokus for dei fleste sin del. Det skal bli interessant å sjå om dette har utløyst «ein ny regionalisme»-tendens i norsk kunstliv.

Konklusjon: Ei gåvepakke til gagn

Eg har i denne rapporten identifisert nokre tendensar som gjer det mogeleg å reisa spørsmålet om det er eit paradigmeskifte på gang i norske kunstmuseum. Sjølv om musea i stigande grad på heile 2010-talet har problematisert manglande representasjon av kvinnelege kunstnarar i samlingane, er det likevel ganske nytt å gjera kjønn, og likeins etnisk mangfold, til satsingsområde og til eit kvalitetskriterium i innkjøpsstrategien. Spørsmål om kven som er representert, kven sine forteljingar som får plass og kva som blir opplevd som relevant, ligg no til grunn for samlingsarbeidet ved dei fleste musea.

Samstundes er det viktig å hugsa på at identifiseringa av desse tendensane byggjer på eit snevert materiale. Musea har fått tilleggsløyvingar i to rundar til, noko som utgjer 39 millionar kroner. Løyvingane kan ytterlegare ha styrka, men også svekka, desse tendensane. Det samla inntaket i museumssamlingane i løpet av eit år inneheld også gåver, deponi og innkjøp over eigne budsjett. Alt saman er faktorar som kan påverka det totale bildet.

Uansett står det fast at ordninga har hatt stor effekt når det gjeld å styrka musea sine samlingar av samtidskunst, motivera kunstnarane til å halda fram med skapande arbeid, og sikra galleri og visingsstadar omsetning i eit år der dei enten måtte halda stengt eller ha få besökande i gongen. Den snevre tidsramma har valda problem, men sjølve ordninga har blitt sterkt verdsatt. Ho har gjort gagn, og det varige provet er at 908 kunstverk no er blitt ein del av den felles kulturarven som offentlege museumssamlingar utgjer.

⁵⁸ <https://klassekampen.no/utgave/2021-04-27/en-ny-kunstgeografi>. Sist lese 14. september 2021.